



# ULVIK HERAD



## ÅRSMELDING 2014

## **Innholdsliste:**

### Ulvik herad i 2014:

|                                                 |      |    |
|-------------------------------------------------|------|----|
| Folketalsutvikling                              | Side | 3  |
| Kommuneøkonomien                                | Side | 3  |
| Økonomisk oversikt drift                        | Side | 5  |
| Driftsinntekter                                 | Side | 6  |
| Driftsutgifter                                  | Side | 8  |
| Investeringar                                   | Side | 9  |
| Bruk av næringsfondet                           | Side | 11 |
| <br>Administrasjonen og styringsorgan           | Side | 12 |
| <br>Ulvik barnehage                             | Side | 30 |
| <br>Grunnskule, kulturskulen og vaksenopplæring | Side | 33 |
| <br>Helseavdeling/lækjarteneste                 | Side | 41 |
| <br>Pleie og omsorg                             | Side | 53 |
| <br>NAV                                         | Side | 57 |
| <br>Teknisk                                     | Side | 59 |

# Årsmelding for Ulvik 2014.

Årsmeldinga for Ulvik herad er eit tilbakeblikk på aktiviteten i det året me har lagt bak oss – både internt i driftsorganisasjonen og i lokalsamfunnet Ulvik.

Sett i høve til dei målsettingar me har for Ulvik er det alltid nyttig å sjå tilbake på om me nådde dei mål og forventningar me hadde, og kanskje kan me lære av hendingar eller aktivitetar som ikkje gjekk vår veg.

Årsmeldinga for Ulvik herad viser difor kva me klarte å yte av tenester til innbyggjarane med dei ressursar me hadde til rådvelde i 2014. Samstundes er årsmeldinga ei framstilling av ”helsetilstanden” for heradet, og kva utfordringar me står framfor når arbeidet med økonomiplanen skal startast opp.

Det er og nyttig og lærerikt å sjå Ulvik i lys av det storsamfunnet me er ein del av. Bruk av Kostratal i årsmeldinga gjer oss i stand til å sjå vår ressursbruk og effektivitet målt opp mot tilsvarende tal i kommunar me kan samanlikne oss med - driv me effektivt og yter me tenester av høg og god kvalitet, eller er kostnadsnivået i Ulvik høgare enn det strengt tatt burde vere.

Ulvik som lokalsamfunn ligg og befolkningsmessigt i grenseland for det som trengst til å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Med om lag 1100 innbyggjarar vert grunnlaget for tenesteyting innanfor handel- og vare-omsetnad i minste laget, og det er difor svært viktig at me klarer å få til ein folkevekst slik at grunnlaget for lønsam drift innanfor dei tenesteytande næringane er til stades.

Folketalsutviklinga i heradet er difor ein viktig indikator på korleis me lukkast med å skape det gode samfunnet me ynskjer å få til i Ulvik.

Kommuneorganisasjonen er ein viktig aktør i arbeidet med å skape eit godt lokalsamfunn. Kommuneorganisasjonen yter tenester til dei fleste innbyggjarane alt frå barnehage og skule og fram til omsorg ved livets slutt. Skal det ytast gode tenester til innbyggjarane trengst ein kommuneorganisasjon som er prega av trivsel og arbeidslyst, og tilbakemeldingar frå innbyggjarar og politikarar signaliserer om me har fått dette til. Kommuneorganisasjonen sitt omdømme ute blant folk flest, i kombinasjon med sjukefråværsstatistikken, er måleindikatorar på om me har lukkast i arbeidet med å drive verksemda Ulvik herad på ein god måte.

Vidare må me ha kontroll og styring på dei økonomiske ressursane og styre etter tildelte rammer.

Årsmeldinga for Ulvik som samfunn er difor ei evaluering av om me har klart å oppfylle vedtekne målsettingar om

- vekst i folketalet,
- om me har god økonomistyring og god tenesteproduksjon og
- om vedteken målsetting for sjukefråvær vert halden.

I mai 2014 fremja Regjeringa i samband med kommuneproposisjonen forslag om ein kommunereform. Etter handsaminga i Stortinget er det klart at kvar kommune i Noreg no har ei utgreiingsplikt om mogleg samanslåing med ein eller fleire av nabokommunane. I heradsstyremøtet i juni 2014 vedtok heradsstyret i Ulvik å setje i gang ei utgreiing av ei mogleg samanslåing av kommunane Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik. Tilsvarende vedtak er fatta i dei andre kommunane og utgreiinga er venta ferdig i juni 2015. Etter tidsplanen satt opp av Regjeringa og Stortinget skal kommunane fatta vedtak innan sumaren 2016 om kor vidt ein ynskjer å slå seg saman med andre kommunar eller ikkje.

## Folketalsutviklinga i Ulvik herad dei siste åra.

|             | <b>Pr.<br/>01.01</b> | <b>fødde</b> | <b>døde</b> | <b>+/-</b> | <b>innflytt</b> | <b>utflytt</b> | <b>+/-</b> | <b>tilvekst</b> |
|-------------|----------------------|--------------|-------------|------------|-----------------|----------------|------------|-----------------|
|             |                      |              |             |            |                 |                |            |                 |
| 2007        | 1137                 | 7            | 10          | - 3        | 31              | 58             | - 27       | - 30            |
| 2008        | 1107                 | 11           | 8           | 3          | 55              | 71             | - 16       | - 12            |
| 2009        | 1095                 | 10           | 10          | 0          | 72              | 38             | 34         | 34              |
| 2010        | 1129                 | 11           | 20          | - 9        | 67              | 69             | - 2        | - 11            |
| 2011        | 1118                 | 6            | 21          | - 15       | 68              | 59             | 9          | - 6             |
| 2012        | 1112                 | 11           | 12          | - 1        | 54              | 52             | 2          | 1               |
| 2013        | 1113                 | 6            | 14          | - 8        | 56              | 67             | -11        | -19             |
| <b>2014</b> | <b>1094</b>          | 9            | 18          | - 9        | 68              | 46             | 22         | 13              |
| <b>2015</b> | <b>1107</b>          |              |             | -          |                 |                |            |                 |

Pr. 1 jan. 2015 var det 1107 innbyggjarar i Ulvik - ein auke på 13 personar frå året før. Målsettinga om ein auka i folketalet på 1 % er såleis nådd.

Det er negativt fødselsoverskot, men nettotilflyttinga er positiv. Alt i alt er dette ei positiv utvikling.

Årskull på berre 9 elevar vil likevel gje ein skule med redusert elevtal.

## Kommuneøkonomien i 2014.

Ulvik har som økonomisk målsetting å oppnå eit netto driftsresultat på minimum 3 % av brutto driftsinntekter. Ulvik herad hadde i 2014 har eit rekneskapsmessig netto driftsresultat på kr 2,055 mill., som i prosent utgjer dette eit netto driftsresultat på 1,6 %.

Ulvik herad budsjetterte med eit overskot på kr 3,242 mill, dette skulle vore overført til investering. Det har i 2014 vore eit meirforbruk i forhold til budsjettert, slik at ein reelt sett ikkje har fått overført så mykje til investering som først planlagt.

Ser me på korleis meirforbruk i forhold til budsjett kjem fram vert oversikten slik:

|                                       |                 |
|---------------------------------------|-----------------|
| Meirforbruk i driftsbudsjettet        | - 3 189 479     |
| Premieavvik 2014                      | 3 429 745       |
| Amortis. av tidligare års premieavvik | -1 031 176      |
| Medfinansiering somatiske tenester    | 32 554          |
| Etableringslån Husbanken renter       | -68 133         |
| Kraftsalg                             | -82 252         |
| Skatt                                 | - 28 571        |
| Eigedomsskatt                         | 220 905         |
| Rammetilskot                          | - 760 130       |
| Statstilskot flyktningar              | 70 800          |
| Renteutgifter                         | 765 499         |
| Renteinntekter                        | 649 059         |
| Overføring VAR                        | - 286 358       |
| Utbytte Hardanger Energi AS           | - 578 226       |
| Diverse                               | -13 453         |
| <b>Totalt</b>                         | <b>-869 216</b> |

## ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

|                                       |                                                              | Rekneskap<br>2014     | Rev bud<br>2014       | Budsjett<br>2014      | Rekneskap<br>2013     |
|---------------------------------------|--------------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <b>Driftsinntekter:</b>               |                                                              |                       |                       |                       |                       |
| 600-619                               | Brukarbetalingar                                             | 5 620 520,55          | 5 720 680,00          | 5 720 680,00          | 5 291 336,07          |
| 620-670                               | Andre salgs- og leieinntekter                                | 6 287 033,07          | 6 418 371,00          | 6 418 371,00          | 6 347 911,94          |
| 700-770                               | Overføring med krav til motyting                             | 11 436 233,08         | 3 342 612,00          | 3 342 612,00          | 12 431 599,62         |
| 800                                   | Rammetilskudd                                                | 45 465 006,00         | 46 205 000,00         | 46 205 000,00         | 43 633 729,00         |
| 810                                   | Andre statlige tilskudd                                      | 2 710 664,00          | 410 000,00            | 410 000,00            | 503 670,00            |
| 830-850, 880-890                      | Andre overføringer                                           | 10 858 150,40         | 10 817 150,00         | 10 817 150,00         | 8 581 661,29          |
| 870                                   | Skatt på inntekt og formue                                   | 32 828 428,60         | 32 857 000,00         | 32 857 000,00         | 32 351 997,74         |
| 874                                   | Eigedomsskatt                                                | 10 528 625,00         | 10 300 000,00         | 10 300 000,00         | 10 408 010,00         |
| 877                                   | Andre direkte og indirekte skattar                           | 5 485 870,00          | 5 450 000,00          | 5 450 000,00          | 5 459 475,00          |
| <b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>            |                                                              | <b>131 220 530,70</b> | <b>121 520 813,00</b> | <b>121 520 813,00</b> | <b>125 009 390,66</b> |
| <b>Driftsutgifter:</b>                |                                                              |                       |                       |                       |                       |
| 010-080, 160-165                      | Lønnsutgifter                                                | 66 680 524,97         | 61 935 428,00         | 60 556 515,00         | 61 941 753,29         |
| 090-099                               | Sosiale utgifter                                             | 16 665 617,87         | 18 034 832,00         | 17 673 622,00         | 15 327 589,22         |
| 100-285 -(160-165)                    | Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjonen | 18 863 674,90         | 16 377 764,00         | 15 877 764,00         | 18 084 340,45         |
| 300-380                               | Kjøp av tjenester som erstatter kom. tjenesteproduksjon      | 9 538 839,71          | 8 771 396,00          | 8 771 396,00          | 8 835 448,92          |
| 400-490                               | Overføringer                                                 | 17 693 629,82         | 13 125 115,00         | 13 025 115,00         | 15 653 296,58         |
| 590                                   | Avskrivninger                                                | 5 176 128,60          | 0,00                  | 0,00                  | 4 958 640,45          |
| 690 + (290-790)                       | Fordelte utgifter                                            | 0,00                  | 0,00                  | 0,00                  | -143 065,00           |
| <b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>             |                                                              | <b>134 618 415,87</b> | <b>118 244 535,00</b> | <b>115 904 412,00</b> | <b>124 658 003,91</b> |
| <b>Brutto driftsresultat</b>          |                                                              | <b>-3 397 885,17</b>  | <b>3 276 278,00</b>   | <b>5 616 401,00</b>   | <b>351 386,75</b>     |
| <b>Finansinntekter:</b>               |                                                              |                       |                       |                       |                       |
| 900-905                               | Renteinntekter og utbytte                                    | 2 682 521,67          | 2 450 000,00          | 2 450 000,00          | 2 416 612,59          |
| 909                                   | Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)              | 1 130 146,00          | 0,00                  | 0,00                  | 1 706 316,00          |
| 920                                   | Mottatte avdrag på utlån                                     | 184 900,44            | 70 200,00             | 70 200,00             | 233 501,54            |
| <b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>   |                                                              | <b>3 997 568,11</b>   | <b>2 520 200,00</b>   | <b>2 520 200,00</b>   | <b>4 356 430,13</b>   |
| <b>Finansutgifter</b>                 |                                                              |                       |                       |                       |                       |
| 500                                   | Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter           | 1 254 746,25          | 2 655 264,00          | 2 655 264,00          | 1 235 776,27          |
| 509                                   | Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)                  |                       |                       |                       |                       |
| 510                                   | Avdragsutgifter                                              | 2 455 720,00          | 1 953 885,00          | 1 953 885,00          | 2 455 720,00          |
| 520                                   | Utlån                                                        | 10 000,00             | 30 600,00             | 30 600,00             | 111 533,00            |
| <b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>    |                                                              | <b>3 720 466,25</b>   | <b>4 639 749,00</b>   | <b>4 639 749,00</b>   | <b>3 803 029,27</b>   |
| <b>RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANS.</b> |                                                              | <b>277 101,86</b>     | <b>-2 119 549,00</b>  | <b>-2 119 549,00</b>  | <b>553 400,86</b>     |
| 990                                   | Motpost avskrivninger                                        | 5 176 128,60          | 0,00                  | 0,00                  | 4 958 640,45          |
| <b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>           |                                                              | <b>2 055 345,29</b>   | <b>1 156 729,00</b>   | <b>3 496 852,00</b>   | <b>5 863 428,06</b>   |
| <b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>    |                                                              |                       |                       |                       |                       |
| 930                                   | Bruk av tidlegare års regnskapsmessige midreforbruk          | 2 552 720,95          | 0,00                  | 0,00                  | 7 148 845,48          |
| 940                                   | Bruk av disposisjonsfond                                     | 847 198,00            | 358 600,00            | 358 600,00            | 1 152 094,12          |
| 950                                   | Bruk av bundne driftsfond                                    | 10 207 684,28         | 7 904 960,00          | 7 804 960,00          | 5 574 908,86          |
| <b>SUM BRUK AV AVSETNINGER</b>        |                                                              | <b>13 607 603,23</b>  | <b>8 263 560,00</b>   | <b>8 163 560,00</b>   | <b>13 875 848,46</b>  |
| 570                                   | Overført til investeringsregnskapet                          | 2 378 909,66          | 3 242 772,00          | 3 742 772,00          | 2 162 819,98          |
| 530                                   | Dekning av tidlegare års regnskapsmessige meirforbruk        |                       |                       |                       |                       |
| 540                                   | Avsetninger til disposisjonsfond                             | 2 930 205,22          | 215 517,00            | 1 955 640,00          | 7 164 428,50          |
| 550                                   | Avsetninger til bundne driftsfond                            | 10 353 833,64         | 5 962 000,00          | 5 962 000,00          | 7 859 307,09          |
| <b>SUM AVSETNINGER</b>                |                                                              | <b>15 662 948,52</b>  | <b>9 420 289,00</b>   | <b>11 660 412,00</b>  | <b>17 186 555,57</b>  |
| 580                                   | Ikke disponert nto. regnskapsm. mindreforbruk                | 0,00                  | 0,00                  | 0,00                  | 2 552 720,95          |
| 980                                   | Regnskapsmessig merforbruk                                   |                       |                       |                       |                       |

Ser me på budsjettstyringa i driftsorganisasjonen får me fram ein slik oversikt:

| Ansvar (T)     | Beløp      | Budsjett   | Just bud  | rev bud    | Avvik      |
|----------------|------------|------------|-----------|------------|------------|
| Stab/støtte    | 15 103 989 | 15 267 724 | 207 342   | 15 475 066 | 371 077    |
| Barnehagen     | 7 350 499  | 6 736 517  | 167 677   | 6 904 194  | -446 305   |
| Undervisning   | 18 642 882 | 18 309 564 | 397 669   | 18 707 233 | 64 351     |
| Helse & Sosial | 11 300 100 | 11 081 893 | 177 241   | 11 259 134 | -66 052    |
| PLOMS          | 23 245 428 | 22 014 184 | 545 364   | 22 559 548 | -685 880   |
| NAV            | 1 499 588  | 1 245 318  | 14 869    | 1 260 187  | -239 401   |
| Teknisk        | 10 708 413 | 7 926 900  | 642 541   | 8 569 441  | -2 187 269 |
|                | 87 850 899 | 82 582 100 | 2 152 703 | 84 734 803 | -3 189 479 |

Dette oversynet syner at det er utfordrande å halda seg innanfor budsjetttrammene med dagens tenestenivå og omfang. Når einingane får uventa oppgåver som må løysast fører dette lett til budsjettoverskridingar.

### Driftsinntektene.

|                                               | Rekneskap 2014        | Rev bud 2014          | Budsjett 2014         | Rekneskap 2013        |
|-----------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| 1 Skatt på inntekt og formue                  | -32 828 428,60        | -32 857 000,00        | -32 857 000,00        | -32 351 997,74        |
| 2 Ordinært rammetilskudd                      | -45 465 006,00        | -46 205 000,00        | -46 205 000,00        | -43 633 729,00        |
| 3 Skatt på eiendom                            | -10 528 625,00        | -10 300 000,00        | -10 300 000,00        | -10 408 010,00        |
| 4 Andre direkte eller indirekte skatter       | -5 485 870,00         | -5 450 000,00         | -5 450 000,00         | -5 459 475,00         |
| 5 Andre generelle statstilskudd               | -2 748 664,00         | -410 000,00           | -410 000,00           | -503 670,00           |
| <b>6 Sum Frie disponible Inntekter</b>        | <b>-97 056 593,60</b> | <b>-95 222 000,00</b> | <b>-95 222 000,00</b> | <b>-92 356 881,74</b> |
| 7 Renteinntekter og utbytte                   | -2 682 521,67         | -2 450 000,00         | -2 450 000,00         | -2 416 612,59         |
| 8 Gevinst finansielle instrum                 | -1 130 146,00         | 0,00                  | 0,00                  | -1 706 316,00         |
| 9 Renteutg., provisjoner og andre fina        | 1 254 746,25          | 2 655 264,00          | 2 655 264,00          | 1 235 776,27          |
| 11 Avdrag på lån                              | 2 455 720,00          | 1 953 885,00          | 1 953 885,00          | 2 455 720,00          |
| <b>12 Netto Finansinntekter/-Utgifter</b>     | <b>-102 201,42</b>    | <b>2 159 149,00</b>   | <b>2 159 149,00</b>   | <b>-431 432,32</b>    |
| 14 Til ubundne avsetninger                    | 2 930 205,22          | 215 517,00            | 1 955 640,00          | 7 164 428,50          |
| 15 Til bundne avsetninger                     | 10 353 833,64         | 5 962 000,00          | 5 962 000,00          | 7 859 307,09          |
| 17 Bruk av ubundne avsetninger                | -847 198,00           | -358 600,00           | -358 600,00           | -1 152 094,12         |
| 18 Bruk av bundne avsetninger                 | -10 207 684,28        | -7 904 960,00         | -7 804 960,00         | -5 574 908,86         |
| <b>19 Netto avsetninger</b>                   | <b>2 229 156,58</b>   | <b>-2 086 043,00</b>  | <b>-245 920,00</b>    | <b>8 296 732,61</b>   |
| 20 Overført til Investeringsregnskapet        | 2 378 909,66          | 3 242 772,00          | 3 742 772,00          | 2 162 819,98          |
| <b>21 Til Fordeling drift</b>                 | <b>-92 550 728,78</b> | <b>-91 906 122,00</b> | <b>-89 565 999,00</b> | <b>-82 328 761,47</b> |
| <b>22 Sum fordelt til drift frå rekneskap</b> |                       |                       |                       |                       |
| <b>23 Rekneskapsmessig mindreforbr</b>        | <b>0,00</b>           | <b>0,00</b>           | <b>0,00</b>           | <b>2 552 720,95</b>   |

Bruttodriftsinntekter syner ein vekst frå 2013 til 2014 på 5%.Grunnen til den store veksten er i hovudsak inntekter i samband med mottak av flyktningar. Om desse inntektene vert trekt ut er auken i inntektene på 3% mot 2,8 % i 2013.

Ser vi på fordelinga av driftsinntektene kjem følgjande oversikt fram:

| <b>Driftsinntekter:</b>   |                                    | <b>2014</b>           | <b>%</b>        |
|---------------------------|------------------------------------|-----------------------|-----------------|
| 600-619                   | Brukarbetalingar                   | 5 620 520,55          | 4,28 %          |
| 620-670                   | Andre salgs- og leigeinntekter     | 6 287 033,07          | 4,79 %          |
| 700-770                   | Overføring med krav til motyting   | 11 436 233,08         | 8,72 %          |
| 800                       | Rammetilskudd                      | 45 465 006,00         | 34,65 %         |
| 810                       | Andre statlige tilskudd            | 2 710 664,00          | 2,07 %          |
| 830-850, 880              | Andre overføringer                 | 10 858 150,40         | 8,27 %          |
| 870                       | Skatt på inntekt og formue         | 32 828 428,60         | 25,02 %         |
| 874                       | Eigedomsskatt                      | 10 528 625,00         | 8,02 %          |
| 877                       | Andre direkte og indirekte skattar | 5 485 870,00          | 4,18 %          |
| <b>SUM DRIFTSINTEKTER</b> |                                    | <b>131 220 530,70</b> | <b>100,00 %</b> |

Skatteinntektene saman med rammetilskotet er dei store inntektspostane for kommunane. Rammetilskotet vert fastsett utifrå vedtekne kriterier i inntektssystemet, medan skatteinntektene til ein viss grad vert påverka av inntektsgrunnlaget i Ulvik.

Veksten i skatteinntektene viser slik utvikling:

| 2008          | 2009          | 2010          | 2011          | 2012          | 2013          | 2014          |
|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>29.241</b> | <b>31.096</b> | <b>31.102</b> | <b>29.796</b> | <b>31.105</b> | <b>32.351</b> | <b>32.828</b> |

Skatteinntektene utgjer deler av dei frie inntektene Ulvik disponerer. Ser me på utviklinga frå 2013 til 2014 vert veksten på 1%.

Til samanlikning viser tal frå fylkesmannen at den samla skatteauken for kommunane i landet i 2014 var på 2 %.

Ulvik herad balanserte tidlegare rett over og under grensa for å få småkommunetilskotet, dvs. eit skattenivå på 120 % av landsgjennomsnittet. I 2014 er skattenivået i Ulvik 113,7 % av landsgjennomsnittet.

### Driftsutgiftene.

Driftsutgiftene har auka med kr 9,960 mill frå 2013 til 2014, dette er ein auke på 7%. Samla lønnskostnader utgjorde 61,91 % av dei totale driftsutgiftene for Ulvik, tilsvarande tal for 2013 var 61,99 %. Lønsveksten i KS-området i 2014 samla var på 3,1%.

| Driftsutgifter:           |                                                              |                       |                 |
|---------------------------|--------------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------|
| 010-080, 160-165          | Lønnsutgifter                                                | 66 680 524,97         | 49,53 %         |
| 090-099                   | Sosiale utgifter                                             | 16 665 617,87         | 12,38 %         |
| 100-285 -(160-165)        | Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjonen | 18 863 674,90         | 14,01 %         |
| 300-380                   | Kjøp av tjenester som erstatter kom. tjenesteproduksjon      | 9 538 839,71          | 7,09 %          |
| 400-490                   | Overføringer                                                 | 17 693 629,82         | 13,14 %         |
| 590                       | Avskrivninger                                                | 5 176 128,60          | 3,85 %          |
| 690 + (290-790)           | Fordelte utgifter                                            | 0,00                  | 0,00 %          |
| <b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b> |                                                              | <b>134 618 415,87</b> | <b>100,00 %</b> |

## Investeringar 2014

I vedteke budsjett for 2014 var det planlagt investeringar på i alt kr 18,150 mill. Rekneskapen viser at investeringane vart på kr 7,458 mill. Årsaka til dette er i hovudsak at me ikkje er komen så lang i utbygging av fleirbrukshallen som først planlagt. Det same gjeld for nytt bustadfelt som er budsjettert med kr 2 mill., mens det berre er nytta kr 352 842 til planlegging. Vidare er prosjektmidlane til sjukeheimen ikkje nytta fullt ut, budsjettert bruk var kr 3,2 mill mot det som er nytta er kr 865 382.

Dette som forklaring på avvik mellom budsjett og rekneskap.

| Prosj | Prosj (T)                        | Rekneskap<br>2014 | Rev. Bud 2014 | Bud 2014     | Avvik         |
|-------|----------------------------------|-------------------|---------------|--------------|---------------|
| 2104  | IT maskinvarer                   | 306 074,07        | 300 000,00    | 300 000,00   |               |
| sum   | IT maskinvarer                   | 306 074,07        | 300 000,00    | 300 000,00   | 6 074,07      |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 2105  | IKT skule                        | 250 663,75        | 200 000,00    | 200 000,00   |               |
| sum   | IKT skule                        | 250 663,75        | 200 000,00    | 200 000,00   | 50 663,75     |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 2111  | Oppgrader heimeside              | 97 320,00         | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Oppgrader heimeside              | 97 320,00         | 0,00          | 0,00         | 97 320,00     |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 3423  | Elektronisk Postjournal<br>PLOMS | 376 320,06        | 350 000,00    | 350 000,00   |               |
| 3423  | Elektronisk Postjournal<br>PLOMS | 376 320,06        | 350 000,00    | 350 000,00   | 26 320,06     |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4019  | Kommunale vegar                  | 0,00              | 500 000,00    | 500 000,00   |               |
| sum   | Kommunale vegar                  | 0,00              | 500 000,00    | 500 000,00   | -500 000,00   |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4234  | VA-ledning Promenaden            | 163 975,20        | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | VA-ledning Promenaden            | 163 975,20        | 0,00          | 0,00         | 163 975,20    |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4238  | Nytt høgdebasseng Hakestad       | 60 506,70         | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Nytt høgdebasseng Hakestad       | 60 506,70         | 0,00          | 0,00         | 60 506,70     |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4315  | Sal av kommunal eigedom          | 10 895,00         | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Sal av kommunal eigedom          | 10 895,00         | 0,00          | 0,00         | 10 895,00     |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4339  | Bustadfelt Hjelvevoll            | 1 228 811,00      | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Bustadfelt Hjelvevoll            | 1 228 811,00      | 0,00          | 0,00         | 1 228 811,00  |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4360  | Toppdekke Holmen                 | 708 841,50        | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Toppdekke Holmen                 | 708 841,50        | 0,00          | 0,00         | 708 841,50    |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4366  | Tilrettelegging sentrum          | 850 149,75        | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Tilrettelegging sentrum          | 850 149,75        | 0,00          | 0,00         | 850 149,75    |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4367  | Sjukeheim/ omsorgsbustader       | 865 382,81        | 3 200 000,00  | 3 200 000,00 |               |
| sum   | Sjukeheim/ omsorgsbustader       | 865 382,81        | 3 200 000,00  | 3 200 000,00 | -2 334 617,19 |
|       |                                  |                   |               |              |               |
| 4369  | Uteområde heradshus              | 367 441,00        | 0,00          | 0,00         |               |
| sum   | Uteområde heradshus              | 367 441,00        | 0,00          | 0,00         | 367 441,00    |

|      |                      |            |              |              |               |
|------|----------------------|------------|--------------|--------------|---------------|
| 4372 | Universell utforming | 330 641,95 | 0,00         | 0,00         |               |
| sum  | Universell utforming | 330 641,95 | 0,00         | 0,00         | 330 641,95    |
| 4406 | Gang og sykkelveg    | 113 876,00 | 0,00         | 0,00         |               |
| sum  | Gang og sykkelveg    | 113 876,00 | 0,00         | 0,00         | 113 876,00    |
| 4407 | Kommunale bygg 2014  | 7 769,00   | 1 500 000,00 | 1 000 000,00 |               |
| sum  | Kommunale bygg 2014  | 7 769,00   | 1 500 000,00 | 1 000 000,00 | -992 231,00   |
| 4408 | Nytt bustadfelt 2014 | 352 842,03 | 2 000 000,00 | 2 000 000,00 |               |
| sum  | Nytt bustadfelt 2014 | 352 842,03 | 2 000 000,00 | 2 000 000,00 | -1 647 157,97 |

| Prosj | Prosj (T)                          | Rekneskap<br>2014   | Rev. Bud 2014        | Bud 2014             | Avvik         |
|-------|------------------------------------|---------------------|----------------------|----------------------|---------------|
| 4409  | Gjerde kyrkjegarden på<br>Rossvoll | 100 000,00          | 100 000,00           | 100 000,00           |               |
| sum   | Gjerde kyrkjegarden på<br>Rossvoll | 100 000,00          | 100 000,00           | 100 000,00           | 0,00          |
| 4416  | Ombygging barnehagen 2015          | 39 375,00           | 0,00                 | 0,00                 |               |
| sum   | Ombygging barnehagen 2015          | 39 375,00           | 0,00                 | 0,00                 | 39 375,00     |
| 6440  | Fleirbrukshall                     | 1 227 789,70        | 10 000 000,00        | 10 000 000,00        |               |
| sum   | Fleirbrukshall                     | 1 227 789,70        | 10 000 000,00        | 10 000 000,00        | -8 772 210,30 |
|       | <b>Rekneskapskjema 2A</b>          | <b>7 458 674,52</b> | <b>18 150 000,00</b> | <b>17 650 000,00</b> |               |

## Bruk av næringsfondet i 2014

Bruken av næringsfondet er regulert ut frå egne vedtekter for fondet. I tillegg er det vedteke at næringsfondet skal ha ein grunnkapital på minimum 5 mill.kr.


Saldo pr.1.1.2015 viser **kr. 14 042 114.** Fondet vart styrka med 1.1 mill.kr i 2014 som i hovudsak skuldast auka finansinntekter.

|                                         | Disponerte<br>midlar<br>2014 | Disponerte<br>midlar<br>2013 |
|-----------------------------------------|------------------------------|------------------------------|
| <b>Saldo inn pr 01.01.</b>              | <b>14 458 990,33</b>         | <b>12 735 204,74</b>         |
| Bruk i reknesk.                         | -6 802 892,00                | -4 924 831,00                |
| Heradshuset - dekking<br>driftsutgifter |                              | -290 000,00                  |
| Konsesjonsavg                           | 5 485 870,00                 | 5 459 475,00                 |
| Finansinntekter                         | 1 130 146,00                 | 1 706 316,00                 |
| Finansutgifter                          |                              |                              |
| Flytt til hardanger                     | -230 000,00                  | -227 174,41                  |
| <b>Saldo pr 31.12.</b>                  | <b>14 042 114,33</b>         | <b>14 458 990,33</b>         |
|                                         |                              |                              |
|                                         |                              |                              |
|                                         |                              |                              |
| <b>Avsatt m. ikkje brukt:</b>           |                              |                              |
| Løyvde tilskot pr 2011                  | 0,00                         | -36 750,00                   |
| Løyvde tilskot pr 2012                  | -30 000,00                   | -162 500,00                  |
| Løyvde tilskot pr 2013                  | -165 000,00                  | -185 000,00                  |
| Kommunale vegar inv.                    | 0,00                         | -1 204 504,00                |
| <b>"Frie" midlar *</b>                  | <b>13 847 114,33</b>         | <b>12 870 236,33</b>         |

## Ansvar 200 og 210

### Administrasjon og sentrale styringsorgan

Leiar: Rådmannen



#### Ansvarsområde:

Ansvarsområde for sentraladministrasjonen og sentrale styringsorgan (200 og 210) er; rådmannen, politisk verksemd, revisjon og kontrollutval, fellesadministrasjon (tenestetorg og økonomiavdeling), felles IKT, felles, personal, kyrkja, biblioteket, næring og kultur.

NAV-leiar er kommunalt tilsett og er plassert i stab hjå rådmannen. NAV har eige ansvarsområde 270. Sjå eiga årsmelding.

Rekneskapsmessigt er det eit godt resultat for ansvarsområda 200 og 210, med eit mindreforbruk på kr. 371 078

#### Hovudtala for ansvarsområda 200 og 210 –samla (mill.kr.):

Budsjett: 15 475 066

Rekneskap: 15 103 988

Avvik: 371 078

Hovudgrunnen til mindreforbruket er: Stillinga som folkehelsekoordinator vart ikkje erstatta etter april 2014. Elles innsparingar som fylgje av innkjøpsstopp, og noko uføresette inntekter m.a. refusjonar.

### Kostratal pr.15.03.2014 (ureviderte)

| <b>Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr.innb.</b> | <b>Ulvik 2014</b> | <b>Kostragruppe 06 - 2014</b> | <b>Jondal 2014</b> | <b>Granvin 2014</b> | <b>Eidfjord 2014</b> | <b>Hordaland 2014</b> |
|--------------------------------------------------------------------------|-------------------|-------------------------------|--------------------|---------------------|----------------------|-----------------------|
|                                                                          | <b>16 821</b>     | <b>11 116</b>                 | <b>12 018</b>      | <b>10 747</b>       | <b>20 256</b>        | <b>3 776</b>          |

Kostratala viser at driftsutgifter til administrasjon og styring ligg noko høgt i høve kostragruppe 6. Ulvik ligg høgare samanlikna med Granvin og Jondal, men langt lågare enn Eidfjord. Det er relativt dyrare å driva ein liten kommune, framfor ein større kommune, når ein tek omsyn til stordriftsfordelene. Det må også nemnast at ein del tenester rekneskapsmessig vert ført sentralt i administrasjonen, framfor ei fordeling ut på einingane. Døme på dette er IKT-tenesta (1201) og felles personal (1204). Ei sentral føring vert gjort fordi kompetansen er plassert sentralt, og at det vil vera styringsmessige føremuner å ha det slik i ein liten kommune. I praksis er dette tenester som vert levert t.d. til undervisning eller pleie- og omsorg.

### Ansvar 200 teneste 1202 rådmannen

Budsjett: 1 014 876

Rekneskap: 1 177 442

Resultat: - 162 566

Meirforbruket skuldast meirforbruk på løn og utbetaling av feriepengar.

### Ansvarsområde 210:

#### Politisk verksemd – tal saker og møter:

| <b>Teneste</b> | <b>Politisk utval</b>      | <b>Tal saker</b> | <b>Tal møter</b> |
|----------------|----------------------------|------------------|------------------|
| 1000           | Heradsstyret               | 60               | 7                |
| 1000           | Formannskapet              | 58               | 8                |
| 1001           | Administrasjonsutvalet/AMU | 5                | 3                |
| 1804           | Eldrerådet                 | 7                | 3                |

#### Politisk verksemd –budsjett og rekneskap:

| <b>Teneste</b> | <b>Politisk utval</b>   | <b>Budsjett</b> | <b>Rekneskap</b> | <b>Avvik</b> |
|----------------|-------------------------|-----------------|------------------|--------------|
| 1000           | Heradsstyre/formannskap | 1 300 211       | 1343828          | - 43 617     |
| 1001           | Råd og utval            | 166 473         | 172 054          | - 5 581      |
| 1005           | Politiske komitear      | 23 850          | 0                | 23 850       |
| 1804           | Eldrerådet              | 22 062          | 8 302            | 13 760       |
| 1805           | Ungdomsrådet            | 64 871          | 34 302           | 30 569       |

Det er eit negativt avvik på teneste 1000 heradsstyret og formannskapet. Dette skuldast høgare utgifter til løn og sosiale utgifter, tapt arbeidsforteneste og ekstra utgifter til kurs/reiseverksemd. Samla sett er det eit mindreforbruk for den politiske verksemda.

## **Teneste 1004 Revisjon og kontrollutval**

Budsjett: 587 700

Rekneskap: 495 116

Resultat: 92 584

## **Teneste 1200 Fellesadministrasjon**

Leiar: Rådmannen.

### **1. Omtale av overordna mål**

Fellesadministrasjonen sitt mål er å yta best moglege tenester internt og eksternt.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Arbeidet er utført i høve dei ressursane ein har hatt til rådvelde. Tenesta har hatt kontinuerleg drift med tilbod til interne og eksterne kundar 08.00-15.30 heile året.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 5 792 976

Rekneskap: 5 222 155

Resultat: 570 821

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 570 821. Bakgrunnen er tilbakeføring av midlar frå OU-fond, refusjon Nav og innsparing som fylgje av innkjøpsstopp.

### **4. Personale**

7 årsverk fordelt på økonomiavdelinga, tenestetorget, ass.rådmann, pedagogisk konsulent. Det vert også kjøpt teneste som skatteinnkrevjar hjå Ullensvang herad.

### **5. Sjukefråvær**

Sjukefråværet er på 4%.

### **6. Kompetanseutvikling**

Personalet har delteke på fagkurs innafor fagområdet økonomi, rekneskap og løn. Elles har har ein av dei tilsette på tenestetorget starta arkivutdanning. Elles andre fagkurs for område.

## **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Vernerunde med oppfølgingsmøte er gjennomført i tråd med lovverket.

## **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Det vert jobba kontinuerleg med samfunnstryggleik og beredskap. Ny plan for kommunal kriseleing vart vedteken i 2014.

## **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Det er større krav til kommunen etter at den kommunale beredskapsplikta er lovfesta frå 2010. Dette vil få konsekvensar for heradet sitt beredskapsansvar.

## **10. Anna aktivitet/tiltak:**

Rådgjevar skule og barnehage vart tilsett frå 1.8.2014. Denne stillinga ivaretek «skulefagleg kompetanse over skulenivå» jf. opplæringslova. I tillegg er funksjonen rådgjevar for tillagt rådgjevaransvaret for barnehagen.

Kommunalt arkiv for perioden 1965-93 vart i 2014 avlevert til interkommunalt arkiv.

# **Årsmelding – teneste:1201**

Leiar : Ivar Osa / Per-Are Halstensgård

## **1. Omtale av overordna mål**

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) er eit viktig verktøy for utvikling av den kommunale verksemda, og det er ein føresetnad for direkte tenester over nett til innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar. Ulvik herad legg vekt på bruk av IKT i alle delar av tenesteapparatet. Kommunelova sin §4 pålegg kommunane å driva aktiv informasjon og leggja til rette for offentleg innsyn.

## **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

- ✓ Nytt EPJ (elektronisk pasientjournal), Acos CosDoc for Ulvik Sjukeheim.
- ✓ Ny tlf-sentral: Sentral installert på sentrumsbygget, styrer telefoni for:
  - Sentrumsbygget
  - Brakanes Skule
  - Ulvik Sjukeheim
  - Ulvik barnehage
  - Drifts avd. i Gili
  - Ulvik bibliotek
  - Frivillighetssentralen

- ✓ Trio sentralbord er installert og tatt i bruk. Dette er same system som vert nytta i Odda og skal også kome på plass i Eidfjord. Tanken i framtida skal vera at tenestetorga i dei ulike kommunane kan avløysa kvarandre med sentralbordtenester m.m.
- ✓ Forprosjekt og utvikling av ny heimeside.
- ✓ Ny varmepumpe: montert i serverom kjellar, sentrumbygget.
- ✓ Installasjon og oppgradering av VA-servere.
  - Ulvik driftar og vedlikeheld va-systema for Eidfjord og Granvin.
- ✓ Indre brannmur vart skifta ut.

## Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 1 829 888

Rekneskap: 2 136 906

Avvik: 307 018

Avvik konto 10100, 10900, 10990:

Overlapping av ny it-ansvarleg førte til overskriding på «lønnskontoar».

Avvik konto 11302:

Her vert alle utgifter, for alle einingane, ført for: Hardangerringen, internett aksess , vedlikehald og brukarstøtte på alle felles fagprogram (Acos, Agresso m.m), e-postserver (Exchange), backup-system, samarbeidsavtale med it Odda. Meirforbruket skriv seg frå auke i lisenskostnader.

## Investeringar IKT:

**Budsjett:**300 000 kr.

**Rekneskap:**

|                          |         |
|--------------------------|---------|
| Redesign heimesider      | 77 856  |
| Etterslep ny tlf-sentral | 22 834  |
| Datamaskiner / Skjermar  | 35 063  |
| Nytt sentralbord-system  | 130 487 |
| Varmepumpe serverrom     | 39 800  |
| Sum:                     | 306 040 |

## 3. Personale

100% stilling, der 20% vert brukt og finansiert av skulen.

## 4. Sjukefråvær

Sjå fellesadministrasjon

## 5. Kompetanseutvikling

Har nær dialog med fagmiljøet i Odda.

## 6. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Sjå fellesadministrasjonen

## 7. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå fellesadministrasjon

## **8. Konsekvensar for handlingsprogrammet.**

Sentrale myndigheiter set store krav til kommunane om å ta i bruk IKT for å effektivisera drifta og å frigjere ressursar til utfordringar som ventar, kan her nemna: Nasjonal strategi for elektronisk samhandling i helse- og omsorgssektoren /Samhandlingsreforma / Norm/ Meldingsløftet. Då det er snakk om store investeringar knytt til nye tenester, er det også viktig at kommunane samarbeida om felles system. Det er store innsparingar ved innføring av nye tenester dersom kommunane har felles system på ei felles plattform.

Ei anna utfordring for IKT i forhold til alle nye tenester og krav, er å budsjettere framtidige investeringsbehov og driftskostnader. Mykje av tenestene er ikkje ferdig utvikla og det er ingen ”hylleware” som er prissett. Derfor er det svært vanskeleg å ta høgde for slike tiltak i den ordinære budsjett prosessen.

Ulvik herad har i dag Ca. 240 arbeidsstasjonar / pc ved 8 lokasjonar,

14 serverar for admin.nett, sjukeheimen, legekantoret, skulen og Va-anlegg (Ulvik herad drifta også Va-anlegg for Granvin og Eidfjord). Mangen av desse serverane vil i løpet av 2015 verta erstatta av eit virtuelt serve-miljø.

Odda kommune driftar serverar og databasar for Sakhandsaming, økonomisystem, mailsystem og Sosialsystem.

I tillegg til årleg maskinvare, nettverk, serveroppgradering og versjonsoppgraderingar på applikasjonar, må ein gjera ein del framtidige prioriteringar på investeringssida, for å nemna noko :

- Weboverføring WebSak heradstyremøte / politikarmodul
- Websak ”sikker sone” og websak fokus.
- Digitalt arkiv
- Fiberkabel mellom sentrumsbygget og skulen
- Fiberkabel mellom sentrumsbygget og sjukeheimen
- Oppgradering av kjerne-nettverket i heradet.
- Vert stadig større krav til stabilt, raskt og sikkert nettverk

## Teneste 1204 – felles personal

Leiar : Reidar Meel

### 1. Omtale av overordna mål

Ha ein best mogleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med lover og forskrifter.

### 2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

- Tiltak i samsvar med IA-måla vart gjennomførde.
- Ny IA-plan underskriven.
- Lokale tingingar og kompetanseheving er gjennomført.
- Overordna HMT-plan godkjent.

### 3. Resultat i budsjett/rekneskap

Budsjett: 553 253

Rekneskap: 318 554

**Resultat:** 234 699

Skuldast i hovudsak mindreforbruk på bedriftshelseteneste, velferdsmidlar og opplæring.

### 4. Personale

Sjå fellesadministrasjon.

### 5. Sjukefråvær

Sjukefråværet var på 5,63% i 2014, mot 6,80% i 2013. AMU sitt mål for IA-arbeidet var å halda sjukefråværet under 6%.Korttidsfråværet utgjorde 1,68% medan langtidsfråværet utgjorde 3,95%.Det eigenmeldte fråværet utgjer 0,5% i 2014,

#### Utviklinga i sjukefråværet i % i perioden 2011-2014

| 2010 | 2011 | 2012 | 2013  | 2014 |
|------|------|------|-------|------|
| 5,74 | 5,25 | 6,31 | 6,80% | 5,63 |

Ulvik har dei siste 4 åra hatt eit lågt sjukefråvær.

### 6. Kompetanseutvikling

Ingen særskilde tiltak ut over støtte ti leiarskulering.

### 7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Arbeid i tråd med arbeidsmiljøutvalet sine mål. God aktivitet i 2014.Alle verneområde har fått utarbeidd handlingsplan.

## **8.Samfunnstryggleik og beredskap**

Sjå fellesadministrasjon.

## **9.Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Sjå fellesadministrasjon.

## **10.Anna aktivitet/tiltak**

Ikkje noko ut over dagleg drift.

# **Årsmelding: Teneste 1205, Flytt til Hardanger**

Leiar : Hege Nielsen Børve

### **1. Omtale av overordna mål**

Hovudmålet er å gjera Hardangerkommunane til attraktive bukommunar. Godt og varierte bustadtilbod, møtestadar og eit inkluderande lokalsamfunn skal vera kjenneteikn ved Hardangerkommunane. FTH skal ilag med kommunane rekruttera tilflyttarar med et føremål å auka folketalet.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Utflyttinga frå Hardanger har stogga, men det er vanskeleg å seie kor mykje av dette som skuldast prosjektet. Nettotilflyttinga har auka markant i aldersgruppa mellom 27 og 42 år. Målgruppa til FTH er personar i aldersgruppa 25-45 år. Såleis kan ein stadfesta at FTH har oppnådd målsettinga om å få fleire frå denne målgruppa til å flytte til Hardanger. 85 % av respondentane frå spørjeundersøkinga blant innflyttarar til Hardanger, gjennomført av AUD, bur framleis i Hardanger. Av desse bur 7 % i Ulvik.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

#### **4. . Personale**

Leiar for tilflyttarprosjektet (kommunekontakten) i Ulvik herad er tilsett i 40 % stilling.

#### **5. Sjukefråvær**

Sjå fellesadministrasjonen

### **6. Kompetanseutvikling**

Delteik på alle kommunegruppemøter, samlingar og felles messer.  
Har nær dialog med kommunekontaktane frå dei andre kommunane.

### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Sjå fellesadministrasjonen

## **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Sjå fellesadministrasjonen

## **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Prosjektet vert avslutta mars 2015.

Eigeninnsats frå kommunane er på kr. 1.275.000 årleg. Fylkeskommunen bidreg med kr. 770.000 årleg.

## **10. Anna aktivitet/tiltak:**

Nav Eures messe i Nederland i februar.

Hardangermesse i Oslo konserthus i mars

Fagdag Bustad i Granvin i juni

Vestlands Vidsyn i Stavanger i september

Karrieredagen i Bergen i oktober

Nav Eures messe på Island i oktober.

Tenestetorgsamling i Kinsarvik i november

Hardangerkonferansen i Ulvik i november

## **Teneste 2333- Folkehelse**

Leiar : Anne Lorentzen

### **1. Omtale av overordna mål**

Folkehelsearbeidet har hatt som mål å etablere ei tverrsektoriell arbeidsgruppe og gjere folkehelsearbeidet kjend i eigen organisasjon. Vidare arbeide kunnskapsbasert og følgje opp oversiktsarbeidet som vart utarbeidd i 2012 av kommuneoverlegen ved å utarbeide eit folkehelseprogram for Ulvik herad.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Gruppa vart til Folkehelseråd og har hatt ni møte i løpet av året. Folkehelsekoordinatoren har vore ute på alle einingane. Folkehelseprogrammet er under utarbeiding.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 257 000

Rekneskap: 25 094

Avvik: 231 906

#### **Personale**

50% stilling fram til medio april.

### **4. Sjukefråvær**

Sjå fellesadministrasjon

### **5. Kompetanseutvikling**

Folkehelsekoordinatoren har delteke på partnerskapssamlingar. Kommunesamråd. Ergoterapikongress og årets Folkehelsekonferanse.

### **6. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Sjå fellesadministrasjon

## **7. Samfunnstryggleik og beredskap**

Sjå fellesadministrasjon

## **8. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Syner til folkehelseprogrammet.

## **10. Anna aktivitet/tiltak:**

Syner til folkehelseprogrammet og utfyllande årsmelding frå folkehelsearbeidet

## **Teneste 3250 næringsutvikling**

Leiar : Natalia Golis

### **1.Omtale av overordna mål**

«Sektorplan 2010- 2014 for Arbeidsplasser og Næringsutvikling» er gyldig ut planperioden 2014. Mange av måla er oppnådd og planen er moden for fornying. Handlingsprogrammet har ikkje blitt rullert. Ulvik herad ynskjer å stø opp under arbeidet med Ulvik Landskapspark, der det estetiske aspektet er eit viktig element.

Heradet skal:

- stimulera til aktiv bruk og vedlikehald av kulturlandskapet
- vidareutvikla småskalaforedling basert på lokalt råstoff
- bidra til å styrka og å oppretthalda eksisterande næringsliv
- vidareutvikla kultur og naturbasert reiseliv
- leggja til rette for heilårsarbeidsplassar og utvikling av nye produkt i reiselivsnæringa
- nytta dei naturgjevne verdiane Ulvik har i næringsutviklinga
- viderutvikla Ulvik som eit grønt reisemål
- i størst mogeleg grad nytta lokale tenesteleverandørar
- leggja til rette for nyetablering av føretak og arbeidsplassar.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Strategiane for å nå måla i sektorplanen:

- videraføra og utvikla funksjonen til «bygde- og næringsutviklar» Dette blei oppnådd i 2014, stillinga er avgjerande for å kunna vera ein støttespelar og initiativtakar i lokalsamfunnet.
- det blei i 2014 løyvd 600.000 frå næringsfondet til vidareutvikling av fleire bedrifter innanfor landbruk og næring, og til eit nytt føretak i Ulvik.
- dei nye turistinformasjonstavlene for Ulvik vart ferdige. Dei vart finansiert av midlar frå såkalla «avbøtande tiltak» etter utbygginga Sima-Samnanger, og er å finna på Bu, Ulvik og Granvin.
- I samarbeid med Ulvik næringslag har det blitt prosjektert og merka turstiar etter nasjonal standard i Ulvik
- «Nye handelslaget» er eit prosjekt der heradet er initiativtaker og fødselshjelpar.

- kontakt og aktivitet regionalt har vore gjennom Team Hardanger, alle næringsutviklingsansvarlige i Hardanger. I tillegg har det vore tett kontakt med Fylkeskommunen.
- arbeidet med å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar viser best igjen i arbeidet med moglegheitsstudiumrapporten for Hjeltnes vidaregåande skule. Ordførar og jordbrukssjef er begge med i prosjektgruppa. og det ble løyvd 10% frå bygde- og næringsutviklaren til arbeidet med regionalutvikling, reiselivs potensialet og nye arbeidsplassar.
- 3 næringsaktørar har fått rettleiing frå heradet med bl.a søknadsskriving og kompetanseheving.
- arbeidet med vidareutvikling av matkulturen og lokal produksjon har vore i fokus, sett i samanheng med CittaSlow. Ulvik herad er i mål med søknadsprosessen i 2015. Det vart arrangert studietur hausten 2014 med politikarar, administrasjon og aktørar frå næringslivet. Dette er eit ledd i den lokale forankringa for eit berekraftig, estetisk og ei heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet.
- faggruppe som jobbar med Kultur for samfunnsutvikling er eit ledd i lokal mobilisering og CittaSlow. Arbeidet er finansiert av LUK midlane frå KMD som er ei heilskapleg satsing i heradet for god verdiskaping og nyskaping. For å bli med i Landskapsark satsinga står det i intensjonen for Ulvik at reiselivet treng revitaliserast. Dette er eit ledd i å gjera oss klar over kva me har i Ulvik og kva me kan vidareutvikla.
- planlegging for vidare drift av camping- og næringsareal

### 3. Resultat i budsjett/rekneskap

Tilrettelegging næringsliv vert 100 % finansiert av næringsfondet.

#### Bruk av næringsfondet 2014

| Teneste | Teneste (T)                | Beløp         |
|---------|----------------------------|---------------|
| 1200    | 50 % stilling rådgjevar    | -352 800,00   |
| 1205    | Flytt til Hardanger        | -230 000,00   |
| 3250    | Tilrettelegging næringsliv | -5 401 003,00 |
| 3253    | Tilrettelegging jordbruk   | -205 000,00   |
| 3255    | Tilrettelegging skogbruk   | -226 000,00   |
| 3256    | Vetrinær                   | -292 089,00   |
| 3601    | Vilt/fiske-forvaltning     | -64 000,00    |
| 3650    | Kulturminneforvaltning     | -30 000,00    |
| 3750    | Museum                     | -12 000,00    |
| 3850    | Kulturadministrasjon       | -120 000,00   |
| 3852    | Andre kulturaktivitetar    | -100 000,00   |
|         |                            | -7 03892,00   |

#### **4. Personale**

Bygde- og næringsutviklar Natalia Golis 100% stilling

Kulturkonsulent Anne-Marit Lekve 50% stilling.

#### **5. Sjukefråvær**

Ingen kommentar

#### **6. Kompetanseutvikling**

#### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Ingen kommentar

#### **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Ingen kommentar.

#### **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Ny utviklingsplan for Ulvik er på trappene. Handlingsprogrammet er ikkje blitt rullert, og dei fleste mål er oppnådd/avslutta pr. 2014.

#### **10. Anna aktivitet/tiltak:**

God (pro-)aktivitet og kommunikasjon med lokalsamfunnet og regionen, arbeid med å ta over arbeidet til prosjektet Flytt til Hardanger som er ferdig no.

God kontakt mellom einingane innad i heradet mellom kultur/ landbruk/ skog/ teknisk.

### **Årsmelding for 2014 – Ulvik folkebibliotek**

#### **Resultatområde: Bibliotek**

##### **1. Omtale av overordna mål**

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem». (<https://lovdata.no>)

##### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål**

- Biblioteket skal dekkja behova til ulike brukargrupper, og arbeider kontinuerleg med aktualisering og samlingsutvikling. Folkebiblioteket samarbeider med Brakanes skule v/Elin Rondestveit om skulebiblioteket og om formidling av litteratur til elevane.
- Hardangerkommunane har ferdigstilt nasjonale lånekort, og har no ein attraktiv webportal, hardangerbiblioteka.no. Sida skal få mobiltilpassing. Samarbeidet med dei andre biblioteka i regionen er styrka sidan oppstartsfasen, og er i gang med nye oppgåver. Her er mykje å henta i høve kunnskapsutveksling, og vi har ein god delingskultur. Wallevik har arbeidd kontinuerleg med marknadsføring av

bibliotektenestene via sosiale medium. Fjernlånsmodulen vert aktivt teke i bruk og gjer det lettare å driva kunnskapsformidling på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

- I regi av biblioteket vert det drive ein lesesirkel som har hatt møte om lag ein gong i månaden.
- Theresa Wallevik tok til i stillinga som biblioteksjef i august 2014. Wallevik er ikkje fagutdanna innan bibliotekfaget, men har fått dispensasjon frå ABM-utvikling til å stå i stillinga. Det ligg i avtalen at 60 studiepoeng i bibliotekfag vert teke innan utgangen av 2016.

### 3. Resultat budsjett/rekneskap

| Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 | Avvik  |
|----------------|---------------|--------|
| 664309         | 698157        | +33848 |

### 4. Personale

Biblioteksjef i 100% stilling.

Bibliotekar i 30% stilling

Granvin herad kjøper bibliotekarteneste av Ulvik herad, noko som bind 40% av den samla ressursen opp til Granvin.

### 5. Sjukefråvêr

1,20

### 6. Kompetanseutvikling

Det har framleis vore aktivitet i filosofigruppa i Ulvik, som tidlegare biblioteksjef Bjørn Finne skipa til i 2013. Nytilsett biblioteksjef Wallevik heldt foredrag om filosofisk onsdag på Fylkesbiblioteket sept. 2014 med gode tilbakemeldingar, og har halde fram med møta. Sjå pkt. 9 for meir info.

Voss bibliotek i samarbeid med Hardangerbiblioteka har vorte tildelt midlar frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet *Ny Poesiformidling i biblioteket*. Prosjektet skal auka kompetansen til dei tilsette i biblioteka, både når det gjeld litteraturkunnskap og formidling av ny og eldre lyrikk. Ein tek sikte på å gjennomføra nye tiltak i alle biblioteka, men òg ulike tiltak i dei ulike kommunane i samarbeid med institusjonar der ein finn det naturleg.

Kompetanseheving for dei tilsette gjennom studieturar og seminar for bibliotektilsette, (gjærne saman med andre litteraturformidlarar/institusjonar) er ein viktig del av dette prosjektet, i tillegg til skiping av arrangement. Det er òg eit mål å tileigne seg meir kompetanse på poesiformidling i det fysiske bibliotekrommet for å nå ut til fleire lesarar.

### 7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring

Har fått på plass nytt førstehjelpsskrin og brannskadeskrin. Oppdatert brannsløkkingsapparat er etterlyst.

## 8. Samfunnstryggleik og beredskap

Sjå ovanfor, pkt. 7

## 9. Anna aktivitet/tiltak

Utlåns- og besøksstatistikk

| 2014:                              |             | 2013:                |             |
|------------------------------------|-------------|----------------------|-------------|
| Bøker for vaksne                   | 2013        | Bøker for vaksne     | 1711        |
| Bøker for born                     | 948         | Bøker for born       | 1178        |
| Sum utlån bøker                    | 2961        | Sum utlån bøker      | 2889        |
| Lydbøker for vaksne                | 389         | Lydbøker for vaksne  | 301         |
| Lydbøker for born                  | 106         | Lydbøker for born    | 143         |
| Sum utlån lydbøker                 | 495         | Sum utlån lydbøker   | 444         |
| Dvd/video for vaksne               | 367         | Dvd/video for vaksne | 491         |
| Dvd/video for born                 | 216         | Dvd/video for born   | 405         |
| Sum utlån Dvd/video                | 583         | Sum utlån Dvd/video  | 896         |
| Fjernlån                           | 207         |                      |             |
| Web-lån                            | 8           |                      |             |
| Totalt utlån inkl.fjernlån/web-lån | <b>4254</b> | Totalt utlån         | <b>4229</b> |
| Besøk                              | <b>2019</b> | Besøk                | <b>2232</b> |

Basert frå tala frå 2013 har utlånet for vaksne auka noko, medan utlånet for born har hatt ein liten nedgang. Totalutlånet har halde seg stabilt. Fjernlånstilbodet dekkjer kravet om at folkebiblioteka skal vera eit ledd i eit nasjonalt biblioteksystem. Lydbøker vert stadig meir poulært, det skal prioriterast framover. Nedgang i DVD-utlån kan sjåast i samanheng med auka tilgang på nettbaserte straumetenester. Meir aktiv formidling av elektroniske medium via web-lån må prioteriterast, (som no er eit forsøksprosjekt i regi av fylkeskommunen). Besøkstalet er noko nedgåande.

Prioriterte oppgåver f.o.m. hausten 2014 har vore: innkjøp av lydutstyr til framtidige arrangement, kursing, møteverksemd og etablering av kontakt med leiarane i Hardangerbiblioteka, kassering av skjønnlitteratur og fagbøker for vaksne og opprydning i lokalsamlinga.

## **Filosofisk Onsdag:**

Vår 2014: om lag 5 (manglar eksakt tal)

27. August: Lyrisk vorspiel – lyrikk-kveld

5. November: Spinoza v/Stein Arnold Hevrøy

## **Andre arrangement:**

22. Oktober: foredrag i høve grunnlovsjubileet m/Ståle Dyrvik

Biblioteket er ope 47 veker. Biblioteket var stengd i juli og i romjula.

## **Årsmelding – teneste kultur:**

Leiar : Espen eide

### **1. Omtale av overordna mål**

I Kommuneplan for 2009- 2020 står det:

*Ulvik herad skal ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som fremjar eigenutvikling, fellesskap, trivsel og verdiskaping.*

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

#### ***Museum***

Heradet sitt engasjement er kanalisert gjennom tilskot til Rallarmuseet Finse og Hardanger og Voss Museum. Innspel om Rallarmuseet sin status er sendt inn i samband med ny kulturplan for Hordaland fylkeskommune i 2014 og Riksantikvaen si kartlegging av kulturlandskap av nasjonal verdi i Hordaland.

#### ***Lokalhistorisk arkiv***

Behovet for å samla alle gjenstandar i arkivet og ei permanent plassering av Catharine Kølle utstillinga som heradet har overteke frå Hardanger Folkemuseum er framleis uavklara. I samband med ny kulturminneplan vil ein sjå på ein felles portal i Digital Museum.no.

#### ***Kulturvernmidlar og kulturminnevern***

Det er blitt gjeve 1 tilskot av kulturvernmidlar samt at tidlegare tiltak er ferdigstilt. Ein har fått tilskot frå Riksantikvaren for å laga ein kulturminneplan. Det vil også bli søkt om midlar frå Riksantikvaren i 2015. Fagtilsette og frivillige har delteke på kurs i registrering av kulturminne i regi av fylkeskonservatoren. Arbeidet med registrering i Finse området har starta opp.

#### ***Kulturmidlar***

Ved tildeling av midlar er tilskot til friviljuge organisasjonar som driv aktivitetar for born og unge blitt prioritert. Ekstra tilskotsmidlar har gjort det mogeleg å gje tilskot til ulike kulturaktivitetar. Heradet yter også eit tilskot til regionale kulturmidlar som Hardanger Kulturråd disponerar.

#### ***Ulvik kommunale kino***

Kinoen har hatt ein nedgang på 31 % i 2014 (nasjonalt er nedgangen på 6%). Nedgangen i kinobesøket er svært høgt, men mykje av nedgangen skuldast at det var få storfimar som trekte folk til kinoen i 2014. Ein del faste arrangement som den store kinodagen og skulefilmframsyning,

gav heller ikkje dei gode resultata som tidlegare. Tal publikum i 2014 er 1477 fordelt på 70 titlar (mot 2151 i 2013). Vi har i snittbesøk på 20 pr. filmtittel.

Dei 10 mest besøkte filmene utgjør størsteparten av besøket. Barn og ungdom er dei ivrigaste til å oppsøkje kinoen.

| Dei 10 beste filmene:               |     |
|-------------------------------------|-----|
| Doktor Proktors prompepulver        | 123 |
| Kaptein Sabeltann                   | 77  |
| The Fault in Our Stars              | 66  |
| Karsten og Petra                    | 58  |
| Børning                             | 52  |
| Hobbiten: Femhærerslaget            | 50  |
| Rio 2 - 3D                          | 47  |
| The Hunger Games: Mockingjay part 2 | 46  |
| Operasjon Arktis                    | 41  |
| Guardians of the Galaxy 3D          | 41  |
|                                     | 601 |

Samla besøk for Hardangerringen er total 5019 (Ulvik, Eidfjord og Lofthus ).

### ***Ungdomens kulturmønstring (UKM)***

UKM mønstringa vart dette året arrangert i Eidfjord. Ulvik hadde tre innslag med i tevlinga og 2 innslag gjekk vidare til fylkesmønstringa i Bergen.

### ***Den kulturelle skulesekken (DKS)***

Heradet har ein godkjent DKS plan for perioden 2012 – 2016. I tillegg til tilbodet som skulen får frå fylket, har eigenprodusert aktivitet auka betrakteleg i 2014.

### ***Den kulturelle spaserstokken***

Heradet fekk ei løyving som vart nytta til ulike tiltak i eit samarbeid med Eldrerådet, Pensjonistlaget.

### ***Idrett***

Søknad om spelemidlar til fleirbrukshall, rehabilitering av symjehall og nytt banedekke og ljøsarmatur i Holmen er fornya. Det er sendt inn ny søknad om nærmiljøanlegg på Drevtjørn. Det er fleire års ventetid på spelemidlar i Hordaland fylke. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ikkje blitt revidert.

## **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 1.056.000

Rekneskap: 1.099.000

Resultat: 43.000

Rekneskapen syner eit meirforbruk som skuldast lågare inntekter på kino. Resten av meirforbruket kjem på teneste 3850, som kan forklarast med auke i lønskostnader samt føringar i høve næringsfondet og tilskot frå Småkommuneprogrammet.

#### **4. Personale**

Det er tilsett kultursjef i 50% stilling, arkivar på lokalhistorisk arkiv i 45% stilling, 30% stilling programsjef Ulvik kino – Hardangerringen kinosamkøyring og 3 kinoteknikarar i ca. 7 % stilling kvar, til saman ca 1,5 årsverk. \*50 % stilling som rådgjevar kjem i tillegg.

#### **5. Sjukefråvær**

Sjukefråvær er på 0 %.

#### **6. Kompetanseutvikling**

Ingen tiltak.

#### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Ingen særskilte merknader.

#### **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Ingen særskilte merknader.

#### **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Ved innføring av digital kino er det kome til mange nye ansvars- og arbeidsområde som krev datafagleg kompetanse og som fører til ekstra utgifter. Utstyret må sikrast på same måte som annan kommunal ikt-infrastruktur.

#### **10. Anna aktivitet/tiltak:**

##### **17. mai komité**

Medlemer vert vald frå dei ulike rodene som heradet er delt inn. I evaluering av arbeidet til komiteen vart det peika ut medlemer til neste års komité.

#### ***Kulturprisen***

Prisen vart i 2014 tildelt Steinar I. Bergo for hans innsats med formidling av Hauge sin forfattarskap samt eige forfattarskap.

#### ***Hardanger Kulturråd***

Det har blitt drøfta om tilskot til rådet bør aukast samt rådet sin formelle status i høve Hardangerrådet. Rådet sine regionale kulturmidlar gjekk i 2014 i sin heilskap til markeringa av Hardanger i hundre (200-årsjubileet for grunnloven).

#### ***Ulvik kino***

Det står att å investera i utstyr for visning av reklame og konsertar.

#### ***Fleirbrukshallen***

Kultur har ansvar for å fornya søknad om spelemidlar. Teknisk eining har ansvar for framdrift i planlegginga. Kultur er representert i gruppa som skal planlegga utbygginga.

## ***Folkehelse***

Kultur er representert i Folkehelserådet. Folkehelse skal bli integrert som ein del av planarbeid og ulike aktivitetar på einingane. For kultur er dette mest aktuelt innanfor idrett - og friluftsliv.

### ***\*Miljøfyrtårn***

Arbeidet med å sertifisera heradet har no starta opp. Det er oppretta ei tverrsektoriell miljøgruppe og ein handlingsplan for sertifiseringa er vedteken. Sentrumsbygget vil først bli sertifisert og så fylgjer dei andre bygg og einingar opp i løpet av 2015- og 16. Arbeidet skal integrerast i heradet sitt HMT arbeid og bli ein del av det kommunale årshjulet.

### ***\*Flyktning***

Heradstyret har gjort vedtak om å busetja inntil 15 personar over ein 3-årsperiode. Eit tverrfagleg introduksjonsteam er oppretta for å ta i mot flyktningar og det er inngått ein samarbeidsavtale med Ullensvang herad om kjøp av tenester i høve introduksjonsordninga for flyktningar. 1.september kom 2 syriske familiar på i alt 12 personar til Ulvik.. Det har vore ei krevjande oppgåve å byggja opp ei ny organisering av tenesta.

### ***\*Cittaslow***

Heradstyret har gjort vedtak om å søkja sertifisering som Cittaslow kommune. Det er sendt inn søknad og heradet vil vonleg bli sertifisert i løpet av våren 2015. Ordførar og alle politiske parti som er representert i heradstyre samt folk frå kultur – og næringsliv var på studietur til citta – slow kommunane Greve i Chianti og San Miniato. Her fekk informasjon om korleis arbeidet går føre seg på lokalplan. Det er eit omfattande arbeid å gå i gang med ein slik prosess og som vil krevja involvering på mange plan i lokalsamfunnet.

### ***\*Lokal samfunnsutvikling***

Midlar frå Småkommuneprogrammet har gjort det mogeleg å starta opp arbeidet med metodikken kultur for samfunnsutvikling. Det er oppretta eit tverrfagleg team og ei referansegruppe som skal laga til ei innbyggjarundersøking. Planlegginga er også ein del av mobiliseringa i høve Cittaslow

## ***Oppsummert***

I ”NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014” vert det understreka at for å styrkja den ”kulturelle grunnmuren” i åra som kjem, meiner utvalet som står bak utredninga, at Kulturløftet 3 må vera eit lokalt kulturløft. Medan ein ventar på dette, kan det vera på sin plass å få dokumentert den kulturelle infrastrukturen som heradet har bygd opp gjennom åra. Dette vil vera ei viktig kartlegging som må sjåast i høve til arbeidet med lokal samfunnsutvikling.

Leiar : Svanhild Dybsland

## 1. Omtale av overordna mål

Lov om barnehagar og Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen

**Ulvik h.st:** Full barnehagedekning, 50% pedagogar, barnehagen open heile året

**Ulvik barnehage:** Ein plass der alle trives. Alle blir sett og høyrte, alle får utfordringar og opplever mestring. Alle kjenner tryggleik, respekt og likeverd, og alle får vera med å påverke eigen kvardag. Glede og humor pregar kvardagen.

Merkevare: *Grøn barnehage*

**Satsingsområde 2014:** «Barns trivsel – dei vaksne sitt ansvar» med fokus på språk og sosial kompetanse

## 2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Barnehagen har hatt full barnehagedekking, 50% pedagogar og ope heile året.

Me fekk ny pedagogisk rådgjevar for barnehage og skule som me delar med Eidfjord og Granvin. Erfaringa så langt er at styrarane i dei 3 kommunane har fått eit tettare og meir strukturert samarbeid

Styrar og dei tilsette har framleis eit sterkt ynskje om å stengja barnehagen i minst 2 veker i skuleferien. Grunnen er stort vikarbehov og innskrenka vikarbudsjettt samt vanskar med å få avvika personalet sin ferie, utan at det går utover tryggleik og kontinuitet for borna. Saka vart diskutert og godkjent i foreldrerådet og samarbeidsutvalet hausten 2014. Me reknar med at ho vert handsama politisk i løpet av våren 2015 i samanheng med redigering av barnehagevedtektene. Framlegg om færre opptak og ein ekstra planleggingsdag i året vart også diskutert.

Barns medverknad og trivsel har stått i sentrum og 2 nye opplegg vart innført i 2014. BRAVO for dei yngste og MITT VAL for 3-5-åringane. Me er godt nøgde med desse opplegga og ser at borna har glede og nytte av dei, både språkleg og sosialt.

Barnehagen hadde tilsyn i mars og vurdering i oktober. Me fekk nokre pålegg og merknader som er retta opp. I det store og heile fekk me gode tilbakemeldingar – særleg på korleis me samspekar med borna, er lydhøyr, støttar og syner dei respekt. Slik me ser det, er dette noko av det viktigaste me gjer i barnehagen, for at borna skal kjenne tilknyting, få venner, ikkje verta mobba eller utestengt, og få eit godt språk som reiskap for å lukkast i livet.

## Kultur, samfunn, natur og miljø

Ulvik barnehage har hatt to barnehagelærarstudentar i 5 veker. Dei utførte to ulike kunstprosjekt med borna med utgangspunkt i måleri av Munch. Vidare hadde 5-åringane same opplegg som i 2013 om fiskelivet i Gauro. Borna hadde også besøk av «Trommelars» på haustparten. Barnehagen arrangerte også ei kulturveke, sidan men no har foreldre og personale frå mange ulike nasjonar. Også i år vart det arrangert ei miljøveke, dette året med litt ny vri. Foreldra har signalisert at dei ynskjer at borna vert tekne med på tur jamleg. I årsplanen har me lova turdag ein gong i veka, men tilbakemeldinga frå foreldra viser at dei ikkje er heilt nøgde med gjennomføringa. Dei ynskjer at me nyttar kvalitetane og dei tilboda som er i bygda.

Ut over dette har me hatt dei tradisjonelle opplegga som karneval, sommarfest, haustfest, adventstund, luciafeiring på sjukeheimen og brannveka.

### **Satsingsområdet – språk og sosial kompetanse**

Som nemnt under punkt 2. har me gjennomført opplegga BRAVO og MITT VAL. Teikn til tale vart innført på ei avdeling for å styrke enkelbarn og heile gruppa si språkutvikling. Elles er borna glade i bøker og song. Faste lesestunder og musikkopplegg har vore med på å fremje språket. Ei avdeling har laga ei bokorm som slyngjer seg gjennom rommet. Dei har også hengt opp skilt som syner kva dei ulike krokane heiter. Slik lærer borna å bli interessert i skriftspråket. Alle avdelingar har bokstavar og tal på vegger og bord slik at borna kan studere dei. Men det er fyrst og fremst gjennom samtale og *bruk* av talespråket borna utviklar seg mest. Difor er leiken ei heilag ku i barnehagen som me må verne om så godt me kan.

### **Helse, kosthald og fysisk miljø**

Me legg stor vekt på **sunt kosthald** i barnehagen og er med i «Fiskesprell» der me har fisk annankvar gong me har varmt måltid. Me har to påsmøringsmåltid på småbarnsavdelingane og eitt på 3-5årsavdelingane. Mange foreldre er lite komfortabel med løysinga, men bakgrunnen for avgjersla er manglande tid og personalressursar. Inneklimaet er godt, men mange opplever eit høgt støynivå. Det er sett av 2 millionar i 2015 til diverse **ombygging** i barnehagen. Her ligg mellom anna støydempingstiltak. Me har **gode rutinar** på handvask før mat og etter dobesøk, borna får antibakterielt skum 2 gongar for dagen og me har berøringsfrie kraner på alle avdelingar for å hindre smitte. Likevel ser me at mange barn og vaksne vert sjuke. Dette er ei utfordring.

**Uteområdet** er stort og variert og gir borna gode høve til fysisk utfolding. Det kompenserer litt for færre turar utom gjerde i vintermånadane. Samstundes har me fleire **ulukke-feller** på uteområdet. Vassamling, lause heller og stygge kantar. Nokre leikeapparat må totalrenoverast eller i verste fall rivast.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Barnehagen fekk for fyrste gong eit underskot på kr. 446.303. Årsaka er overskriding av barnetal og nye born med særskilde behov, som me ikkje hadde budsjetttert med. Netto forbruk dei siste 3 åra:

| <b>2014</b>  | <b>2013</b>  | <b>2012</b>  |
|--------------|--------------|--------------|
| <b>7.350</b> | <b>6.497</b> | <b>6.447</b> |

### **4. Personale**

Høgt vikarforbruk på våren, men noko betring utover hausten. Store delar av desse utgiftene vart kompensert gjennom NAV. Ingen oppseiingar, men ein assistent gjekk ut med AFP i august og det vart tilsett ein ny frå september.

#### **Sjukefråvær**

Me landa til slutt på vel **8%** sjukefråvær. Ei betring i høve 2013 på 13%

### **5. Kompetanseutvikling**

- Kompetanseheving for assistentar 2014: Ein assistent gjennomførte 15 studiep.
- Fyrstehjelpskurs på kveld for heile personalet
- Kurs med barnevernet v/Kari Anne Kråkevik
- Planleggingsdag i mars. «Å snakke med barn som har det vanskeleg»
- Planleggingsdag i november med Katrine Giæver om fleirkulturelt arbeid i barnehagen. Samarbeid med Granvin og Eidfjord.
- Planleggingsdag i mai. Studietur til Island der me vitja 2 heilt ulike barnehagar
- 3 vikarar deltok på fem samlingar for assistentar i barnehagen. Kurset var i Granvin. Fylkesmannen dekkar mesteparten av utgiftene.
- 2 pedagogiske leiarar var på studietur til barnehagane i Eidfjord for å sjå korleis dei jobba med opplegget BRAVO.
- LUIB-samling (Leiing og utvikling i barnehagen) om vurderingsarbeid
- Styrar deltok på OMEP-konferansen i Bergen (Organisation for Early Childhood Education). Om berekraftig utvikling, sosialt, klimamessig og økonomisk.
- 

#### **6. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Verneombod og styrar deltok på arbeidsmiljøkonferansen i Ulvik.

Fyrstehjelpskurs og kurs med barnevernet for heile personalet på kveld.

Barnehagen kjøpte 2 vegghengde og støydempende bord på avdeling Askeladden ved bruk av HMT-midlar. Eit stort pluss for borna, personalet og reinhaldarane.

#### **7. Samfunnstryggleik og beredskap**

Barnehagen deltok i øving og beredskap som heradet og fylkesmannen arrangerte.

#### **8. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

- Oppgradering av bygg og uteområde. Kontorplassar til pedagogane, innebygd altan til barnevogner, støydempende takplater på avdeling Tyrihans, utbetring av tunet og delvis overbygg mellom avdeling Askeladden og hovudkjøkkenet.
- Det er førebels lagt inn 2 mill. til føremålet i 2015. Arkitekt reknar på det.
- Behov for å styrke bemanninga 20%, særleg på avdelingane med 2 pedagogar.
  - Styrar har mange oppgåver og ynskjer ei ekstra administrativ ressurs for å avlaste.

#### **9. Andre aktivitetar / hendingar**

Det har vore mykje snakk om **lus** i barnehage og skule i 2014, sjølv om barnehagen har vore mindre råka. Me har, saman med skulen, gjennomført fleire nasjonale luskampanjer. Likevel har ein ikkje klart å få bukt med problemet. Det er foreldra som har ansvaret for å sjekke og kure om nødvendig. Meir kan ikkje barnehagen gjera, sjølv om foreldra vert frustrerte over at deira barn stadig vert smitta.

**5-åringane var på scena i kongressen** og song på barnehagekonferansen for nær 100 deltakarar. Dei hausta stor applaus og nokon sendte e-post i ettertid og bad om teksten på vår sjølvlagde miljøsong. God reklame for barnehagen.

## Årsmelding – kap 230, Undervisning, år 2014:

Ansvarsområdet undervisning kap 230 har desse tenesteområda;  
2020 Grunnskuleundervisning; inkl 2021 PP-teneste og 2221 Skyss til/frå skule  
2131 Vaksenopplæring framandspråklege  
2150 Skulefritidsordning, (SFO)  
3830 Kulturskule.

### **Leiing av kap 230:**

Einingsleiar for kap 230 er og rektor for grunnskule; Thor Erling Larsen.

SFO-leiar er Wenche Opedal.

Kulturskulerektor er Erlend Styve.

Pedagogisk rådgjevar for skule, barnehage og vaksenopplæring er Knud Erik Gissel, som er plassert i stab hjå rådmannen.

Vaksenopplæringa, som også omfattar innføringstilbod for flyktningar ligg no under rådgjevar, men personalansvaret er framleis på einingsleiar.

### **Hovudtala for ansvarsområde 230:**

Budsjett: 18.309.000

Justering: 398.000 (lønsoppgjer/pensjon)

Just budsj: 18.707.000

Rekneskap: 18.643.000

**Resultat: - 334.000 før budsjettjustering**

**Resultat + 64.000 etter budsjettjustering (Mindreforbruk)**

Budsjettramma før justering er dermed brukt, med ein margin på 0,3%, som må seiast å vera innanfor akseptabelt avvik, og området leverer relativt gode tenester.

Dei siste justeringane, som m.a. kom av lønsoppgjer og regulering av pensjonsinnbetaling, er vanskelege å berekne for eininga, og vert gjort så seint i året at det ikkje gjev høve til å gjere driftsmessige endringar. Også refusjonar for sjukepengar er ein driftsfaktor som skaper ubalanse undervegs i rekneskapsåret.

## For dei einskilde tenestekområda ser det slik ut:

### Teneste 2020 Grunnskuleundervisning, inkl skyss og PPT.

Leiar : rektor/einingsleiar Thor Erling Larsen.

#### **1. Omtale av overordna mål**

Grunnskuleundervisninga skal vera tilpassa evner og føresetnader til den einskilde eleven. Elevane skal arbeida i eit skulemiljø fritt for krenkande åtferd og mobbing. Hovudsatsingsområde i verksemdsplanen har i 2014, som i 2013, vore knytt til rekning i alle fag, klasseleing og systematisk leseopplæring/lese- og læringsstrategiar. Me skal nytta PPT og anna regionssamarbeid i eit omfang som sikrar godt læringsmiljø, tilpassa opplæring og god spesialundervisning.

#### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Elevundersøkinga skuleåret 2014-2015 (Udir si kartlegging av m.a. læringsmiljø og kvalitet på opplæringa) som er del av grunnlaget for «Tilstandsrapporten» 2014 viser at Brakanes skule er ein god og velfungerande skule, med høg trivsel, gode faglege resultat, høgt avgangskaraktarnivå og lite mobbing. Talgrunnlaget må me hugsa på er lite, men funna i undersøkinga samsvarer godt med den vurderinga skulen sjølv gjer gjennom året.

#### **3. Resultat i budsjett/rekneskap; grunnskule inkl PPT og skuleskyss.**

Budsjett: 16.966.000 Rekneskap: 16.758.000 Resultat: 208.000 (Mindreforbruk.) Mindreforbruket kjem trass i auka skuleskyss som fylgje av utida undervisningstimetall for ungdomssteget. Det var og ein del meir vikarbruk enn planlagt, og ein del ekstra tiltak knytt til elevar med særskilde behov som gjorde ei planlagt nedbemanning hausten 2014 uforsvarleg. Resultatet kjem i hovudsak av høgare statstilskot og større refusjonar for sjukepengar/fødselspengar.

Bruk av Kostratal.

Kostratala varierer meir frå år til år i små kommunar enn i store einingar, kommunegrupper, fylke og landsoversyn.

Det kostratala viser for Ulvik, er at utgiftene pr. elev i 2014 ligg over kommunegruppa, som i 2013, og at me som før ligg mellom Eidfjord og Granvin, og langt nærare Granvin. (Utgifter er eigentleg knytt til tal klassar på ein skule, sidan nærare 90% av utgiftene er knytt til lønn, og ein klasse krev ei viss grunnbemanning. Det ville difor vore bra om Kostra også gav tal som viser utgifter pr. klasse, men det har dei ikkje.)

Ulvik har dessutan ei gratis kantineordning som og slår ut på driftskostnadene.

Andel elevar med spesialundervisning er stabil, men det er gode sakkunnige tilrådingar frå PPT som styrer omfanget av og nivået på dette tilbodet.

#### **4. Personale**

I grunnskulen vert det som regel gjort stillingsjusteringar pr 1/8, m.a. ut frå situasjonen ved skulestart; grunnbemanning for 10 klassar, behovet for ressursar til tilpassa opplæring, spesialundervisning, assistentar, opplæring for framandspråklege og deling av klassar i fag med særlege krav til tryggleik og romkapasitet (symjing, mat og helse, musikk og kunst og handverk). Tala nedanfor er pr. 1/8-2014.

Frå 1/8 har me bemanna ein ny klasse; innføringsklassen for flyktningane. Dette utgjer ein stillingsauke på 1,35 lærarstilling, 0,65 assistentstilling i skulen, og 0,35

assistentstilling i SFO, totalt ein auke på 2,35 stilling.

Drifta elles er redusert med ca 1 stilling frå skuleåret 2013-14 til 2014-15, slik at samla netto driftsjustering er på 1,35 stilling.

Tala nedanfor er samla for 1.-10.-klasse inkl. innføringsklassen.

Til grunnskuleundervisning: 19,5 årsverk fordelt på 24 pedagogar i 10-100% stilling. Til leining: 1,6 årsverk fordelt på oppgåver knytt til einingsleiar/rektor, ass. rektor.

Til fagarbeidarar/assistentar/kantine i skule: 3,4 årsverk fordelt på 5 fagarbeidarar.

Til merkantile føremål: 0,37 stilling for sekretær (og 1 stilling til fagarbeidar data – med ekstern delfinansiering.)

Til teknisk og pedagogisk drift av IKT: 0,4 årsverk fordelt på 2 tilsette.

Til saman vert det for grunnskule ca 25,3 årsverk fordelt på 34 tilsette.

I tillegg kjøper me personalressursar frå Voss kommune i tilknytning til spesialundervisning og logopedi.

## **5. Sjukefråvær**

Grunnskulen hadde i 2014 7,48 sjukefråvære mot 4,96% i 2013. Av dette er 1,71% korttids (0,94% i 2013) og 5,78% langtids (4,02%). Korttidsfråværet er framleis lågt, men aukande. Langtidsfråvære er ikkje arbeidsplassrelatert.

## **6. Kompetanseutvikling**

Personalet har delteke på interkommunale kurs, eksterne fagkurs, internopplæring innanfor sine fagområde.

## **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Vernerunde er gjennomført. Rapporten konkluderte med nokre obs-punkt og merknader. Oppfølging er gjort. Ikkje alle merknader knytt til bygg er utbetra enno. Brannøvingar er tilfredsstillande gjennomførte. Medarbeidarsamtalar vart gjennomført for om lag 90% av dei tilsette i 2014, men alle hadde tilbod om samtale.

Skulen er godt vedlikehalden. Reinhold og vaktmeisterteneste har god kvalitet.

## **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Skulen v/leiar deltek i dei beredskapsøvingane, planleggingsmøta og tverretatlege drøftingane som vert gjennomført i kommunal kriseleining sin regi. Det er ikkje utarbeidd eigen kriseplan for kriser av typen 22.juli, dvs situasjonar knytt til våpen og trugsmål. (Eininga sin beredskapsplan skal reviderast i 2015, i samband med øving.)

## **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Skulen sine innspel til Handlingsprogram, eller langtidsbudsjett, inneheldt for 2014 ein del viktige punkt som ikkje fekk økonomisk gjennomslag. Det har fått som konsekvens at aktivitetsauke/nye tiltak og oppgåver må dekkast innan eksisterande rammer. Deler av tenestene må difor reduserast. Det gjeld i hovudsak gruppedeling, pedagogisk styrking og spesialundervisning. I 2014 har me oppretta ein mottaksklasse for born med flyktningbakgrunn. I oppstarten vert det finansiert av statlege tilskot, men etter 2 år vert det igjen ei rein kommunal oppgåve å finansiere god tilpassa og tilrettelagt opplæring i samsvar med lovverket for alle elevane.

## **10. Anna aktivitet/tiltak:**

Grunnskulen samarbeider godt med foreldre og med dei andre kommunale og interkommunale etatane.

Brakanes skule gjennomfører sine obligatoriske ekskursjonar og leirskuleopphald, og er lojal til gratisprinsippet knytt til obligatorisk opplæring.

## **Teneste 2131 Vaksenopplæring**

Leiar : Thor Erling Larsen

### **1. Omtale av overordna mål:**

Vaksenopplæringa skal gje tilflytte framandspråklege grunnleggjande norskkompetanse. Opplæringa har to målgrupper; dei som kjem med både rett og plikt til opplæring, og dei som kjem utan plikt og dermed utan rett. Vaksenopplæringa gjev tilbod til begge gruppene. Nytt i 2014 er at det er inngått ein samarbeidsavtale med Ullensvang om kjøp av tenester for dei vaksne flyktningane, slik at introduksjonsopplegget vert gjennomført i Kinsarvik over to år.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Vaksenopplæringa tek utgangspunkt i rett og plikt, og arbeider med å leggja opplæringa opp slik at også flest mogeleg andre med behov for norskopplæring kan delta. Det er tilbod om inntil 5 timar pr veke, og det er litt lite i høve til å få til intensiv opplæring, men det samsvarer med den opplæringskapasiteten dei fleste har. Resultata er slika at elevane relativt raskt når opp og består Norskprøve 1, men brukar noko lenge tid for å bestå Norskprøve 2. Ein elev får tilleggsopplæring ved at me kjøper skuleplass på Voss.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 18.000 Rekneskap: -69.000 Resultat: - 87.000 (Mindreforbruk)

Mindreforbruket kjem av at me hausten 2015 ikkje kom i gang med norskopplæringa lokalt i Ulvik før i oktober, og at budsjettet kjøp av opplæring på Voss i 2014 delvis fall bort og dermed vart billegare enn planlagt. Ein del av tilskotet til norskopplæring vart nytta i finansieringa av introduksjonsordninga i Kinsarvik. Berekningsgrunnlaget for statleg grunntilskot vart endra pga at vaksne med rett og plikt også flytter ut av kommunen. Elevtalsreduksjonen førte til ei mindreinntekt på 360.000. Noko av dette vart kompensert med auka særskilt norsktilskot pga flyktningane. Dette vil på sikt gjera det viktig for heradet å motivera dei vaksne med rett og plikt til opplæring faktisk å ta ut opplæringa innafor dei åra kommunen får tilskot. Mange elvar med rett og plikt har ikkje hatt kapasitet til eller ynske om å ta ut opplæringa si i det omfang/tempo me kunne ha gjeve.

### **4. Personale**

Det er 0,30 årsverk knytt til tenesta, 1 tilsett. I tillegg kjøper me noko tenester frå Vaksenopplæringa på Voss og i Kinsarvik/Ullensvang.

### **5. Sjukefråvær**

Sjukefråværet er lagt inn sin del av skulen sitt.

### **6. Kompetanseutvikling**

Lærar i norsk for framandspråklege (slutta våren 2015) hadde vore på kurs i sitt fagområde, og hadde teke etterutdanning. I tillegg fungerte ho som sensor ved norskprøvene i andre kommunar.

Hausten 2015 tok det noko tid før me fann ei løysing med ny lærar.

**7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

**8. Samfunnstryggleik og beredskap**

**9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Det er i langtidsbudsjettet varsla at Ulvik herad må rekne med auka utgifter til norskopplæring i takt med ønskt og nødvendig arbeidsinnvandring.

**10. Anna aktivitet/tiltak**

Vaksenopplæringa i Ulvik kjøpte i 2014 tenester frå Vaksenopplæringa på Voss for ein elev.

## **Teneste 2150 Skulefritidsordning, SFO**

Leiar : Dagleg leiar Wencke Opedal, Einingsleiar Thor Erling Larsen

**1. Omtale av overordna mål**

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og aktivitetstilbod utanom den obligatoriske skuletida. Tilbodet er for elevar i 1. - 4. klasse og for elevar med særskild trong (funksjonshemma born) i 5.-7. klasse. SFO skal leggja til rette for **leik, fritids- og kulturaktivitetar og leggja vekt på å gje borna natur- og kulturopplevingar i nærmiljøet**. Kulturskulen skal vera viktig samarbeidspartnar. SFO skal drivast i **samsvar med skulen si målsetjing**.

**2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

SFO leverer eit tenestetilbod godt i samsvar med dei behov foreldre har for trygg avlasting i ein travel kvardag. Brukartilpassinga er god. Foreldreundersøkinga hausten 2013 viser at tilbodet har god kvalitet, aktivitetane er varierte og stimulerande, og foreldra er i stor grad nøgde. Det vert gjort foreldreundersøking berre annakvart år, men det er god kontakt mellom dei SFO-tilsette og foreldra.

**3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 418.000 Rekneskap: 570.000 Resultat: + 152.000 (Meirforbruk)  
Meirforbruket kjem i hovudsak av at SFO no er betre brukartilpassa enn før, men elevtala er slik at det medfører noko reell ledig kapasitet i høve til bemanninga. Talet brukarar er gått litt ned, dvs inntektene er litt lågare enn budsjettet. Normen er 12 barn pr. tilsett. Born med særskilde behov treng auka vaksentettleik. Når me har mange med særlege behov må me bemanna noko opp for å halda tenesta på eit tifredsstillande nivå for alle. Difor vert personalkostnadene noko høgare enn dei kunne vore dersom me hadde hatt max tal betalande born i avdelinga. Foreldrebetalinga er t.d. ca 68.000 lågare enn budsjettet. Utgiftene til bemanning og vikararar er ca 98.000 høgare enn budsjettet. Dette skuldast m.a. krav om tettare bemanning i høve særskilde behov.

**4. Personale**

I SFO er det tilsett dagleg leiar i 0,65 årsverk (av dette er 20% tid til leiaroppgåver/administrasjon), og det jobbar 4 fagarbeidarar som samla deler 1,10 årsverk, frå 8 til 32% på kvar)  
Samla bemanning på SFO er dermed 5 tilsette som deler ca 1,75 stilling.

**5. Sjukefråvær**

SFO har 1,64% sjukefråvære. Av dette er 1,13% langtids- og 0,51% korttidsfråvære i 2014. Det er ein liten auke frå 2013.

**6. Kompetanseutvikling**

SFO-leiar og ein av fagarbeidarane har delteke på SFO-konferansen 2014.

**7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Det er få rapporterte uhell/ulukker i SFO, og ingen alvorlege skader. Det vesle som er, kjem av vanleg aktivitet – av og til litt uvøren leik. Men risikoen er akseptabel og dei tilsette opplever å ha god oversikt og kontroll.

**8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Viser til teneste 2020.

**9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Det er i langtidsbudsjettet ikkje varsla store kostnadskrevjande tiltak. SFO er dynamisk tilpassa brukarbehovet, og dermed noko sårbart i høve til tilsette som kan oppleve at stillingsstorleikar vert justerte meir eller mindre årleg. Dette kan gjera det noko utføreseieleg, og arbeidsgjevar er merksam på mogelege konsekvensar av dette, som risiko for slitasje, jobbskifte.

Det er for lite born på SFO i feriar, og dermed vert ferieavviklinga ei dyr ordning som ein kan sjå noko på i økonomiplanarbeidet. Den gode brukartilpassinga gjer det og vanskeleg å ha tilstrekkelege inntekter for å redusera kommunal eigenfinansiering av tilbodet.

**10. Anna aktivitet/tiltak:**

Koplinga SFO og gratis leksetid har i 2013 fungert litt ulikt for elevar på ulikt alderstrinn. Røynsla til både skule og SFO er at leksetid fungerer best i 3.-4.-klasse, medan 1.-2.-klassingane har meir behov for å leika etter 5 timar på skulen, enn å gå rett i gang med leksene.

## **Teneste 3830 Kulturskule**

Leiar; Kulturskulerektor Erlend Styve. Einingsleiar Thor Erling Larsen.

### **1. Omtale av overordna mål**

Den enkelte elev får utvikla sine musikalske/kunstnarlege evner og anlegg.  
Det vert lagt grunnlag for eit rikt musikk og kunstmiljø i heradet.  
Lokal kunst og musikktradisjon vert vidareført.  
Alle som ynskjer det skal få eit tilbod i kulturskulen.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:**

Kulturskulen leverer tenester i det omfang og med den kvalitet heradet ynskjer, dvs at alle som ynskjer det skal finna gode tilbod i kulturskulen. Kvaliteten viser seg ved dei årlege konsertane og utstillingane, som får god mottaking og mykje ros. Det er ein viktig kvalitet at alle får plass, også på framsyningane.

### **3. Resultat i budsjett/rekneskap**

Budsjett: 1.304.000 Rekneskap: 1.443.000. Resultat: + 139.000 (Meirforbruk)  
Meirforbruket skuldast auka lønnsutgifter og auka reisegodtgjersler, særleg knytt til den høgt prioriterte tenesta Korps.

### **4. Personale**

I kulturskulen er det frå 1/8 tilsett kulturskulerektor i 0,8 stilling (herav 30% tid til leiing/administrasjon).

Til opplæring elles er det tilsett i Ulvik Herad 4 lærarar. I tillegg kjøper heradet tenester frå Eidfjord og Ullensvang; 2 tilsette. Kulturskulen har tilbod om song, piano, slagverk, samspel, lyd/lys, hardingfele, dans, messingblås, skulemusikk, teikning, drama, gitar og bass.

Samla har kulturskulen om lag 2,4 årsverk fordelt på 7 instruktørar, inkl. rektor.

### **5. Sjukefråvær**

Kulturskulen har tradisjonelt lågt sjukefråvære. I 2014 var sjukefråvære for våre eigne tilsette registrert til 0%, men vi måtte setja inn noko vikar for tilsette som vert leigde inn frå andre kommunar.

### **6. Kompetanseutvikling**

Kulturskulen har 2-dagars personalkurs i Eidfjord i september kvart år, for fagleg påfyll.

### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

### **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Her viser ein til teneste 2020, grunnskule.

### **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Leiingsressursen i Kulturskulen er no på 30%, men må attende til det opphavlege 35% i 2016.

Kulturskulebudsjettet bør ha ein større buffer i høve til å starta tilbod som ligg i ytterkanten av kva som er tradisjonell kulturskuleverksemd, kanskje inn mot det som tradisjonelt er definert som uorganisert aktivitet, for å bidra også til desse behova får heva kvalitet og endra status.

#### **10. Anna aktivitet/tiltak:**

Kulturskulen har 80 elevar som nyttar 104 elevplassar. Kulturskulen har eit regionalt samarbeid med 9 andre kulturskular. Kulturskulen er aktive i arbeidet med «Ungdommens KulturMønstring»- UKM, og på «De unges festspilldag» i Bergen i juni. I tillegg opptre elevar på sjukeheimen og blir nytta som innslag på Brakanes hotell. I desember 2014 leverte elevar på biletkunst kulisser til peparkakegrenda i julegata. Rektor har søkt om «drøymestipend» til ein av elevar, som er eit stort talent på hardingfele.

Tre innslag frå Ulvik kulturskule gjekk vidare til fylkesmønstringa UKM i Bergen.

#### **Oppsummering kap 230, 2014:**

Eg viser til årsmeldinga for 2013.

Lite har endra seg i den vanlege kvardagsdrifta.

Innføringsklassen er ei nyvinning me arbeider godt med, men som betyr nybrottsarbeid og mange utfordringar som vert løyste av eit godt personale.

Både kommuneleiing, skuleeigar, tilsette, foreldre og elevar har såleis i stor grad grunn til å vera nøgde. Det er likevel alltid rom for forbetring og utvikling.

Som einingsleiar er eg stolt over å ha eit dyktig personale som gjer det mogeleg å presentera ei årsmelding som avspeglar nok eit godt arbeidsår.

Eininga har mange store og viktige oppgåver, og tilsette som kvar dag arbeider hardt og målretta for å bidra til at kvar elev skal få maksimalt ut av skuletida si.

Det er eit auka fokus på tidleg innsats, men for somme born er vedvarande innsats over lang tid heilt avgjerande for om dei skal nå så langt som dei kan, og som den dei er.

Me gler oss til den nye fleirbrukshallen kjem på plass i 2016, og til skuleplassen har fått ei naudsynt oppgradering i samband med bygginga av hallen!

Utvendig ynskjer me oss ein skule som kan få både elevar, tilsette, innbyggjarar og gjester til å tenka; «Flott bygg, dei har.» Inne har me det fint.

# **ÅRSMELDING 2014 – HELSE OG SOSIAL (HS) – ANSVARsomRÅDE 240.**

Einingsleiar: Harald G. Johnsen.

I arbeidet med årsmelding for 2014 har ein teke utgangspunkt i årsmelding for 2013 og endra eller lagt til opplysningar som er nye eller relevante i 2014.

## **OVERORDNA MÅL.**

Den overordna målsetnaden for HS er å tilby tenester i omfang og av ein slik kvalitet som framgår av helse- og omsorgstenestelova (HOTL) innafor dei økonomiske rammer som heradstyret har vedteke.

For å løyse oppgåvene er ansvarsområde delt i følgjande avdelingar/tenesteområde:

### **Tenesteområde.**

#### **1. Helse- og sosialkontoret – tenesteområde 1209.**

I tillegg til dei generelle oppgåvene jf. §§ 1-1 og 1-3 er helse- og sosialkontoret tillagt overordna administrativ leiding av eining helse og sosial – ansvarsområde 240.

Av oppgåver som høyrer inn under ansvarsområdet nemnast m.a.:

- Handsaming av saker etter serveringslova og alkohollova inkl. sals- og skjenkekontroll (tenesteområde (teneste 2422),
- Støttekontaktteneste (HOTL § 3-2, 6b - teneste 2342),
- Krisesenterleneste (Krisesenterlova § 2 - teneste 2423),
- Omsorgsløn (HOTL § 3-6 - teneste 2546) og
- Personleg brukarstyrt assistent (HOTL § 3-2, 6b - teneste 2547)<sup>1</sup>.
- Tilskot til tilpassing av bustad (Husbanken sine reglar - teneste 2830).
- Ymse oppgåver som gjeld tilrettelegging for aktivitetstilbod, avlastning
- Einingsleiar er koordinator for psykososialt kriseteam og bustadgruppa, og har i 2014 vore med i arbeidet med busetting av flyktningar i Ulvik.

---

<sup>1</sup> Nytt frå 01.01.15 – HOTL § 3-8 – «plikkteneste».

## **2. Ungdomsarbeidar/aktivitetstilbod for born og ungdom – tenesteområde 2310.**

Tenesteområdet er til dagen leia av ungdomsmedarbeidar i 40% stilling. Ho har m.a. ansvar for drift av ungdomsklubb og er skrivar og kontaktperson mellom ungdomsråd og heradet. Ungdommane har m.a. vore opptekne av å få heva stadndard på lokala sine. Elles har dei delteke i aktivitetar og samlingar. Gjennom ungdomsrådsarbeidet vert ungdommane samla i aktiviteter på tvers av kommunegrensene.

Om aktiviteten i ungdomsrådet – sjå anna ansvarsområde i årsmeldinga.

## **3. Dagavdeling – nr. 10, Vaskeriet og Brakanesstova – teneste 2340 og Psykiatrisk sjukepleie teneste 2544.**

Dagleg leiar er psyk. sjukepleiar. Tilbodet femnar om dag- og aktivitetstilbod i Brakanestunet – m.a. Vaskeriet og psykiatriteneste – oppfølging gjennom konsultasjon/samtaler med einskildpersonar. Vaskeriet tek vaskeoppdrag for hotella og for pleie- og omsorgstenesta og «avlastar» soleis denne.

## **4. Helsestasjon og jordmorteneste – teneste 2320.**

Tenesta er til dagleg leia av helsesyster og femnar om helsestasjonstilbod for 0-5 år, skulehelseteneste, skulehelseteneste for vidaregåande skule, helsestasjonstilbod for ungdom og miljøretta helsevern – t.d. reisemedisin og helseopplysning og svangerskapskontroll og oppfølging etter fødsel. Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit frivillig og gratis tilbod for familiar, barn og unge 0 – 20 år. I tillegg har helsesøster gjennom eit formalisert samarbeid med skule, barnehage/anna tverrfagleg/interkommunalt samarbeid eit kontinuerleg og aukande fokus på born og unge si psykiske helse.

Jordmortenesta er eit lovfesta tilbod til gravide og vert leia av jordmor.

Målet for jordmortenesta er å styrkja svangerskapsomsorga i kommunehelsetenesta gjennom svangerskapskontrollar, temakveldar for gravide, heimebesøk etter fødsel, innbyggjarane.

## **5. Kommunelegetenesta – teneste 2410.**

Avdelinga har ansvar for kurative/førebyggjande legetenester, legevaktordning, tilsynslegefunksjon på Ulvik sjukeheim/pleie- og omsorgstenestene og miljøretta helsevern. Legekontoret bistår også i arbeidet med helsestasjon, skulehelsetenester, svangerskapskontrollar og psykiatri i tillegg til at legane/kommuneoverlegen har eit særskilt ansvar for førebyggjande og miljøretta helsevern.

Målsetjing (legeteneste/legekontor):

- Gjennom systematisk samarbeid med pleie- og omsorg gje eit godt tilbod om medisinsk oppfølging til dei mest hjelpetrengande eldre.
- Gjennom legekantoret gje eit tilbod om diagnostikk og behandling til alle som tek kontakt. Dette tilbodet skal vera uselektet, allsidig og tilgjengeleg.
- Oppsøka personar som ein får kjennskap til treng tilbod om helsetenester og som ikkje sjølv søker legehjelp.
- Gjennom stabilitet i legestillingane gje innbyggjarane legekontakt som er prega av kontinuitet, er omfattande, personleg og forpliktande.
- Gjennom ei god serviceinnstilling hjå dei tilsette hjelpa til så pasientar kjenner seg mottekne med medmenneskeleg varme og omtanke, og får ivareteke sin tryggleik og sjølvrespekt.
- Gjennom god planlegging og tilrettelegging syta for at det kvar dag er plass for å ta imot pasientar som treng øyeblikkeleg hjelp (jf Fastlegeforskrifta og plikt til å yta øyeblikkeleg hjelp).
- Halda ventetid på vanleg legetime innanfor 1 veke (5 arbeidsdagar) ved normal drift, jf Fastlegeforskrifta.
- Ha låg terskel for at pasientar kan få kontakt med fastlegen på telefon, på ein måte som ikkje uroar konsultasjonane for dei som alt har gjort avtale med fastlegen.

Samarbeidet med Eidfjord og Granvin om felles kommuneoverlege (KOL) kom i gang på nyåret 2014. Kommunelegen i Ulvik vart kommuneoverlege også for Eidfjord og Granvin som kjøper 25% stilling kvar av Ulvik. Eidfjord sel 20% (1 dag i veka) kurativ legeressurs

til Granvin. Granvin sel 40% kurativ legeressurs til Ulvik.

Målet med «trekantsamarbeidet» er å hindra fagleg isolasjon, gjera tenestene meir robuste og styrka rekruttering og stabilitet. Kommuneoverlegen i Ulvik har 1 kontordag i kvar av dei andre kommunane, og har smittevern- og beredskapsansvar mm for alle tre kommunar.

Ulvik, Granvin og Eidfjord oppretta felles Allmennlegeutval og Samarbeidsutval, som er obligatoriske utval i fastlegeordninga for å ivareta kontakten mellom fastlegane og kommunen.

## **6. Legevakt.**

Ulvik, Granvin og Eidfjord oppretta felles legevaktordning som ei midlertidig løysing frå februar 2014. Grunnen til dette var at forhandlingane om ny felles interkommunal legevakt på Voss drog ut i tid. Eidfjord vart åleine i sitt vaktssystem då deira tidlegare samarbeidspart Ullensvang frå sept-2013 gjekk til Odda IKLV. Ved utgangen av 2014 var ei løysing på Voss enno ikkje klar, slik at det midlertidige vaktssamarbeidet held fram og vart formalisert (frå januar 2015).

## **7. Fysioterapi – teneste 2412.**

Fysioterapitilbudet i Ulvik vart ved inngangen til året vert driven som privat næring med 2 fulle driftstilskot. Heradet hadde avtale med fysioterapeutane om 2 dagsverk i kommunal teneste (samarbeid med skulehelseteneste, tverrfagleg samarbeid, habiliterings- og rehabiliteringsarbeid (pleie- og omsorg).

Ordninga med tilplikta teneste i Ulvik herad svarande til 2 dagsverk opphøyrde i 2014. Etter opphøyr av avtale har lønsmidlane vore nytta til kjøp av tilsvarande tenester. Tilbudet er dermed oppretthade.

## **8. Barnevern – teneste 2540 – administrasjon, 2510 barnevern i familien og 2520 barnevern utanfor familien.**

Heradet sitt ansvar og tenester etter barnevernslova er delegert til Hardanger Barnevern, Odda etter ein vertskommunemodell. Samarbeidet omfattar kommunane Eidfjord, Granvin (ny i 2014), Jondal, Odda, Ullensvang og Ulvik. Kommunane betalar kontingent etter avtale. Alle vedtak i einskildsaker vert fatta av Hardanger Barnevern.

Samarbeidsavtalen vart evaluert og endra i 2014. Endringane var mykje av redaksjonell og presiserande art og endra ikkje på føremål eller hovudprinsipp for samarbeidet.

## **2. RESULTAT I BUDJETT/REKNESKAP.**

Samla netto forbruk på ansvar 240: kr 11 325 188 som er eit netto meirforbruk i høve til budsjett på kr 66 054 eller 0,6% meir enn budsjettet.

Ser ein på utgiftsutviklinga i perioden 2007 til 2014 har netto utgifter i rekneskapen auka frå kr 8, 657 mill. til kr 11 325. Dette svarer til ein årleg vekst i netto i samla utgifter på 3,9%.

Lønsutgifter utgjer ein stor del av eininga sine samla utgifter – vel 87% av samla jf. økonomidag med heradstyret i mars 2014.

Inntektene i budsjettet er sentralt fastsette gebyr og betalingssatsar og evt. statlege tilskot. Desse er vanskeleg å påverka administrativt eller politisk

Hovudavviket mellom budsjett og rekneskap «skjuler» eit meir grunnleggjande avvik mellom ordinær drift og direkte brukarretta tiltak. Brukarretta tiltak har eit samla overforbruk på vel 1,1 mill. Balansen vert i samla rekneskap «redda» av generelt mindreforbruk på «administrative» tenester/utgifter, men særleg p.g.a. innsparingar som følgje av at interkommunal legevakt Voss ikkje vart iverksett.

Tabell 1 Netto dr.utgifter – dei ulike tenesteområda på ansvarsområde 240 – helse og sosial.

| Teneste | Område                      | B- 2014         | R 2014          | avvik*        | B-14 i %<br>av R 14 | R 2013         | R 14 i % av<br>R-13 |
|---------|-----------------------------|-----------------|-----------------|---------------|---------------------|----------------|---------------------|
| 1209    | Adm. fagområde              | 935286          | 902160          | 33126         | 103,7               | 779093         | 96,5                |
| 2310    | Akt.tilbod born og unge     | 281242          | 250227          | 31015         | 112,4               | 148744         | 89,0                |
| 2320    | Helsest.sj./jordmor.t       | 826151          | 736018          | 90133         | 112,2               | 774870         | 89,1                |
| 2340    | Drift av nr. 10/Br.nestunet | 457000          | 432997          | 24003         | 105,5               | 457022         | 94,7                |
| 2342    | Støttekontaktteneste        | 550222          | 372471          | 177751        | 147,7               | 313509         | 67,7                |
| 2410    | Kommunelegetenesta          | 2919150         | 2908881         | 10269         | 100,4               | 3306765        | 99,6                |
| 2411    | Legevakt                    | 974250          | 369038          | 605212        | 264,0               | 323937         | 37,9                |
| 2412    | Fysioterapitenesta          | 976467          | 936045          | 40422         | 104,3               | 471759         | 95,9                |
| 2422    | Skjenkekontroll             | -41000          | -10891          | -30109        | 376,5               | -9495          | 26,6                |
| 2423    | Krisesenter                 | 82469           | 73687           | 8782          | 111,9               | 38401          | 89,4                |
| 2430    | Edrusk. og behandling       | 7000            | 7000            | 0             | 100,0               | 0              | 100,0               |
| 2440    | Barnevern - adm.            | 335029          | 315517          | 19512         | 106,2               | 294567         | 94,2                |
| 2510    | Barnevernstiltak i familien | 50000           | 0               | 50000         |                     | 14603          | 0,0                 |
| 2520    | B.vernstilt. utanfor fam.   | 140485          | 578209          | -437724       | 24,3                | 177616         | 411,6               |
| 2533    | Anna bustad/instit.         | 1280689         | 2038381         | -757692       | 62,8                | 1611170        | 159,2               |
| 2544    | Psykiatriteneste            | 1076159         | 843256          | 232903        | 127,6               | 718224         | 78,4                |
| 2546    | Omsorgsløn                  | 208535          | 317056          | -108521       | 65,8                | 62628          | 152,0               |
| 2547    | Pers. brukarst. ass.        | 200000          | 242336          | -42336        | 82,5                | 205754         | 121,2               |
| 2650    | Komm. disp. husvære         | 0               | 3495            | -3495         | 0,0                 | 0              |                     |
| 2830    | Utbetr.tilsk (Husb.midlar)  | 0               | 9305            | -9305         | 0,0                 | 0              |                     |
|         | <b>SUM</b>                  | <b>11259134</b> | <b>11325188</b> | <b>-66054</b> | <b>99,4</b>         | <b>9689167</b> | <b>100,6</b>        |

\*Avvik i kr.: positivt tal = mindreforbruk i høve budsjett, negative tal = meirforbruk/mindreinntekt.

Tabell 2 – Utgifter brukarretta tiltak.

| Teneste | Budsjett | Rekneskap | Avvik    |
|---------|----------|-----------|----------|
| 2342    | 550222   | 372471    | 177751   |
| 2510    | 50000    | 0         | 50000    |
| 2520    | 140485   | 578209    | -437724  |
| 2533    | 1280689  | 2038381   | -757692  |
| 2546    | 208535   | 317056    | -108521  |
| 2547    | 200000   | 242336    | -42336   |
|         |          |           | -1118522 |

Meirforbruket i høve til budsjett (i 2014 som i 2013) på ansvar 240 skuldast ein stor auke i tiltak som er sett i verk i einskildsaker med heimel i helse- og omsorgstenestelova og barnevernslova. Budsjettramma for 2014 tillet ikkje at dei same utgiftene vart vidareført.

## **Merknader til einskilde tenesteområde.**

1209 Administrativt fagområde:

Mindreforbruket svarer til statleg tilskot til etikkprosjekt som vert arbeidd vidare med i 2015. Utgifter prosjektet er ført på ordinære postar (kurs/reiseutgifter).

2310 Aktivitetstilbod for born og unge.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak mindreforbruk av tilkotsmidlar og inntekter ved sal på klubbkveldar.

2320 Helsestasjon og jordmorteneste.

Statlege styrkingsmidlar til Helsestasjon/skulehelsetenesta gjennom rammetilskotet er ikkje tilført tenesta.. Tilskotet var ikkje øyremerkt og vart utbetalt som rammetilskot. Midlane er ikkje tilført teneste 2320. Samla mindreforbruk skuldast i hovudsak refusjon av lønsutgifter i samband med sjukdom.

2430 Miljøarbeid/aktivitetar for funksjonshemma.

På tenesta er ført driftsutgifter som følgjer med drifta av lokale i Brakanestunet – m.a. husleige. Største posten er brannvaktordning etter avtale mellom Ulvik herad og Brakanes Hotelldrift. Her vert og heradet sine fellesutgifter i samband med Brakanestunet Sameige ført med vel kr 30 000. Det vart i 2014 ført tingingar mellom partseigarane i Brakanestunet Sameige og BOB om fordeling av fellesutgifter. Etter dette skal Ulvik herad ha utbetalt vel kr 80 000 i for mykje innbetalt fellesutgifter for fleire år. Beløpet vert utbetalt i 2015.

Inntekter etter sal må sjåast saman med tilsvarande postar på teneste 2544.


2342 Støttekontaktteneste. Tenesta må sjåast saman med andre tenester som er individuell hjelp. Om hjelpa vert ytt som støttekontakt, omsorgsløn el.a. er uvesentleg.

2410. Kommunelegetenesta.

Rekneskap tilnærma likt budsjett. Deet har vore arbeidd systematisk med rutiner for tinging av medisinske forbruksvarer og medikament. Utgiftene på desse postane er redusert frå 2013 til 2014.

Kontoret har nytta vikarlege i permisjonstida til kommunelege.


Tabell 3. Netto driftsutgifter pr. innb. i kommunehelsetenesta



Tabellar henta frå SSB – kostratal.

Kostnadene uttrykt som netto driftsutgift pr. innbyggjar ikkje skil seg ut. I 2014 er utgiftene litt lågare enn utgiftene i same kostragruppe. Dette til tross for at talet på legar ligg nærmare det doble i høve til andre kommunar i same kostragruppe (sjå tabell 5).

Tabell 4 Pasientar på fastlegelister i Ulvik 2013 og 2014.



Tabellar henta frå SSB – kostratal.

Ein ser at det samstundes med at det vert tilsett lege i Granvin og avtalen om felles kommuneoverlegestilling vert iverksett (gjeldande frå 01.01.) som og inneber redusert kurativ innsats so fell talet på pasientar som nyttar fastlege i Ulvik Reduksjonen i talet på fastlegepåasientar er lite.

Ein ser elles av tabellen at fastlegane har samla fleire pasientar enn innbyggjarar. Dette kan være ein indikasjon på at legetenesta i Ulvik har nógde brukarar: Mindre kommunar i utkanten «lekk» normalt pasientar til byar/større senter. Her er det pasienter frå omlandet som vel å nytta fastlege i Ulvik.

#### 2411. Legevakt.

Interkommunal legevakt på Voss (IKLV) vart heller ikkje igangsett i 2014. Det vart som alternativ inngått formell samarbeidsavtale om legevakt mellom kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik. Innsparing som følgje av at interkomm. legevakt på Voss ikkje vart igangsett: kr 605 000. Sjå elles merknad tidlegare om at balansen i rekneskapen vert «redda» av innsparinga.

#### 2412. Fysioterapi.

Avtalen om tilplikta kommunal teneste svarande til 2 dagsverk for fysioterapeutane vart avslutta i 2014. Slike avtalar var ikkje lenge mogeleg ifølgje avtaleverket mellom KS og Norsk Fysioterapiforbund. Kommunen sine pliktar i høve habilitering/-rehabilitering ligg framleis fast og fysioterapi er ein viktig kompetanse å ha tilgang til i dette arbeidet. Midlane avsett til løn vart etter oppesinga nytta til kjøp av tilsvarande tenester til helsestasjon og pleie og omsorg..

#### 2422. Skjenkekontroll.

Lågare samla omsetnad av alkoholhaldig drikk – både sal og skjenking. Reduserte gebyrinntekter.

Tabell 5 Gjennomførte kontrollar.

| År   | Kontr. sal | Kontr. Skjenk | Kontr. Sum | Kostnad | Kost pr. kontroll |
|------|------------|---------------|------------|---------|-------------------|
| 2013 | 7          | 51            | 58         | 63279   | 1091              |
| 2014 | 13         | 47            | 60         | 64397   | 1073              |

Det vart i 2014 ikkje meldt om avvik eller brot på sals- og skjenkereglane i Ulvik.

#### 2423 Kriesenter.

Innsparing på ca. kr 9 000 i høve til budsjett. Fleire kommunar har slutta seg til samarbeidet med Bergen kommune – fleire å dele utgiftene med. Utgiftene ca. kr 6 500 mindre enn året før.

Det er ikkje kjent om tiltaket har vore nytta av innbyggjarar i Ulvik. Opplysningar om dette vil verta etterspurt.

#### 2440, 2510, 2520 – barnevern.

Teneste 2440 gjeld utgifter til deltaking i interkommunal ordning. Utgiftsfordelinga skjer etter avtale. Dei administrative utgiftene er om lag 32 500 lågare enn i 2013.

Ulvik herad er ansvarleg for utgifter til tiltak i einskildsaker som barnevernstenesta fattar med heimel i barnevernslova. Desse kan av omsyn til teieplikta ikkje kommenteras nærare her, men dei utgjer på tenestene 2510 og 2520 ca. kr 388 000 meir enn det som er budsjettert. Viser også til tabell 6 som syner at netto utgifter til barnevern for innb. 0-17 år i Ulvik ligg lågare enn kostnader for same kommunegruppe, fylket og landet.

2533, 2546 og 2547 – Anna bustad/institusjon, omsorgsløn og brukarstyrt personleg assistent.

Individretta tiltak heimla i helse – og omsorgstenestelova. . Desse kan av omsyn til teieplikta ikkje kommenteras nærare her. Forbruket overstig langt dei summane som er sett av til føremåla. Dette er elles tenester som «overlappar» omsorgstenester som i dag er organisert i pleie og omsorg. Det vert arbeidd kontinuerleg med å tilby tenester på ein mest mogeleg rasjonell måte.

2544 Psykiatriteneste.

Jamn drift. Mindreforbruket skuldat i hovudsak at delar av løn til psyk. sjukepleiar er budsjettert på teneste 2544 medan den er ført på 2410 – legetenesta. Men rett føring ville samla forbruk på 2410 vore mindre. Dette vert retta opp i 2015.

Tabell 6 Utvalde nøkkeltal SSB

|                                             | Eidfjd.         | Granvin         | Jondal            | Kostragr. 6       | H.land          | Landet          | Ulvik           |
|---------------------------------------------|-----------------|-----------------|-------------------|-------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Nto. dr.utg. /innb. i komm.h.tenesta        | 7273<br>(7 128) | 5558<br>(4 218) | 5279<br>(5 425)   | 4940<br>(4 220)   | 2155<br>(2 024) | 2278<br>(2 133) | 4505<br>(4 997) |
| Legeårsverk pr. 1000 innb.                  | 32,1<br>(31,6)  | -<br>(17,6)     | 16,4<br>(16,5)    | 17,9<br>(18,9)    | 9,7<br>(9,6)    | 10,2<br>(10,1)  | 30,7<br>(31,1)  |
| Fys.ter.årsv. Pr. 1000 innb.                | 24,3<br>(24,3)  | -<br>(11,4)     | 15,6<br>(15,7)    | 13,4<br>(12,1)    | 8,3<br>(8,6)    | 8,8<br>(8,9)    | 22,3<br>(20,3)  |
| Nto. dr.utg. pr. innb. 0-17 år barnevern    | 5423<br>(7 641) | 2222<br>(2 616) | 11615<br>(10 778) | 12777<br>(10 021) | 7779<br>(6 889) | 8021<br>(7 500) | 4123<br>(4 340) |
| Barn m/barnevernstiltak - ift. barn 0-17 år | 2,3<br>(2,2)    | -<br>(-)        | 4,1<br>(5,1)      | 7,5<br>(-)        | 4,3<br>(-)      | 4,8<br>(4,7)    | 7,1<br>(5,6)    |

Tala i parentes er tal for 2013.

Med mindre endringar skil tala seg lite frå tilsvarande tal for 2013. Einskilde saker kan gje store utslag (begge veger) då utvalet er lite.

Ein ser av tabellen over at Ulvik skil seg ut på nokre område – t.d. legeårsverk pr. 1000 innb. Likevel er kostnadene pr. innb. låge samanlikna med kommunar i same kostragruppe og andre kommunar i nærområdet. Vidare at ein har høg dekning m.o.t. fysioterapitenestar og eit høgt tal born på tiltak. Det siste kan vere eit uttrykk for at born som treng hjelp får hjelp.

### 3. PERSONALE.

Tabell 7 Utviklinga av stillingsheimar over tid.

|      | Avd.       | Adm. | Ungd.<br>medar. | Legektr. | Helse-<br>stasjon | Psy.<br>/Br.nest. | Fys.ter. | SUM  |
|------|------------|------|-----------------|----------|-------------------|-------------------|----------|------|
| År   |            |      |                 |          |                   |                   |          |      |
| 2013 | St.heimlar | 1,1  | 0,4             | 3,6      | 1,25              | 2,1               | 0,4      | 8,85 |
|      | Sal pers.  | 2    | 1               | 4        | 2                 | 2                 | 2        | 13   |
| 2014 | St.heimlar | 1,1  | 0,4             | 3,6      | 1,25              | 2,1               | 0        | 8,45 |
|      | Sal pers.  | 2    | 1               | 4        | 2                 | 2                 | 0        | 11   |

Endringar frå 2013 til 2014 markert. Tala i tabellen gjeld ved slutten av året.

Eininga har kvalifisert personale på «alle postar»

### 4. SJUKEFRÅVÆR.

Sjukefråværet på ansvarsområde 240 har auka frå 2013 til 2014.. Talet på tilsette er lågt og ein langtidssjukemelding kan gje store utslag på gjennomsnittstala. Likeins vil svikt i melderutinar kunne gje merkbare utslag i dei tala som vert registrerte. Ein er kjent med at auken frå 2013 til 2014 (dei store utslaga) skuldast langtidssjukemeldingar. Ein er ikkje kjent med at det er alvorlege arbeidskonfliktar eller andre tilhøve som er eigna til å redusere trivnad og arbeidsglede.

Tabell 8 Fråvær 1014

| Avdeling                | Fråværs% - samla | Korttidsfråvær i % | Langtidsfråvær i % |
|-------------------------|------------------|--------------------|--------------------|
| Helsetenester/ legektr. | 7,93 (1,03)*     | 2,6 (0,73)         | 5,33 (0,29)        |
| Helsestasjon            | 17,7 (6,37)      | 0,0 (3,82)         | 17,7 (2,55)        |
| Sosiale tenester        | 3,4 (1,97)       | 1,6 (1,35)         | 1,36 (0,62)        |

Tal i parentes: Tal for 2013.

### 5. KOMPETANSEUTVIKLING.

Den viktigaste måten å skaffe seg kompetanse på er deltaking på kurs og konferansar i aktuelle tema og deltaking i tverrfaglage og interkommunale el. nettverksfora. Tilsette deltek i fleire slike fora. Helsesøstre og psyk. sjukepleiarar har (kvar for seg) danna interkommunale nettverk.

Ingen tilsette har i 2014 delteke i kompetansehevande tiltak ut over ordinær kurs- og konferansar.

Kommuneoverlegen deltek framleis i prosjektarbeid, ei vidareføring av «Samhandling i Hardanger» som for 2014-15 er kalla «Folkehelse og samhandling i Hardanger og Voss». KOL er engasjert i 2 arbeidsgrupper: Samfunnsmedisinsk nettverk og Miljøretta helsevern.

Begge legane er spesialistar i allmennmedisin, denne må resertifiserast kvart 5.år m.a. gjennom deltaking i kurs/opplærings som er godkjent for slik sertifisering.

Det er i samband med gjennomføringa av samhandlingsreforma ikkje avdekka behov for særskilt eller ny kompetanse i eininga.

## **6. HELSE, MILJØ, TRYGGLEIK OG KVALITETSSIKRING.**

Eining helse- og sosial høyrer inn under Sentrumsbygget verneområde.. Det er utarbeidd HMT-plan for verneområdet med prioriterte tiltak. Fleire av tiltaka – t.d. utskifting av kontorpultar/stoler, ventilasjon og ljostilhøve – er gjennomført i samarbeid mellom tilsette og verneombod.

Sjukefråværet – sjå kap. 5 – har auka noko – også om ein ser bort frå langtidssjukemeldingar.

Det er i 2014 iverksett HMS-tiltak overfor einskilde tilsette.

Det er etablert faste møtepunkt mellom einingsleiinga og organisasjonane.

Det er ikkje gjennomført medarbeidarsamtalar. Slike har ikkje vore etterspurd.

Legekontoret deltek i kvalitetskontroll av laboratorieanalysar gjennom ”Noklus”, og kvaliteten på våre analysar har vore ”meget god”. Det er og kvalitetskontroll av sterilisator fleire gongar årleg, og av noko medisinsk-teknisk utstyr.

.

## **7. SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP**

Eininga har delteke i øvingar på leiarnivå. Det ligg føre Plan for helsemessig og sosial beredskap og Smittevernplan.

## **8. KONSEKVENSAAR FOR HANDLINGSPROGRAM OG UTFORDRINGAR FRAMOVER.**

Ulvik herad har i 2014 busett flyktningar. Ein vil få spørsmål om busetting av fleire. Arbeidet er organisert/vert samordna gjennom eit tverrfagleg introduksjonsteam. Hovudprinsippet er at dei som vert busett skal motta tenester på same vis som andre innbyggjarar. Det vert ikkje bygd opp eigne tiltak for flyktningane ut over det som kravst gjennom introduksjonstiltak.

Mål for 2015 - andre fokusområde (ikkje prioritert rekkjefølgje)

- Interkommunal legevakt på Voss (IKLV). Ein kjenner førebels ikkje dei endelege utgiftene ved ei slik ordning. Det kravst god informasjon til publikum om nyordninga.
- ØH-senger knytt opp mot legevaktsamarbeid og finansiert gjennom rammetilskotet til kommunane. Kommunane har frist til 01.01.2016 med å etablere tilbodet.
- Lokale for ungdomsklubben – kostnadsramme som budsjettert i dag.
- Vidareføra samarbeidet mellom legekantora i Ulvik, Granvin og Eidfjord.
- Innføra Nødnett, dvs nytt kommunikasjonssystem for alle naudetatane (brann, helse, politi) innan utgangen av 2015.
- Gjennomføring av meldingsløftet.
- Iverksetting av prosjekt «etisk refleksjon» i regi av KS og fylkesmannen.
- Busetting av flyktningar – kompetanse
- Å halda fram med felles Smågruppe for legane.
- Å få til felles rettleiing for dei 2 turnuslegane i Ulvik/Granvin og Eidfjord 2.halvår.
- Gjennomføre interne avdelingsmøte/ faglunsj ein gong i månaden. Helsesøster, jordmor og psykiatrisk sjukepleiar er inkludert i dette.
- Trening på akuttmedisinske prosedyrar i.l.a 2014.

Evt. satsingsområdeeller nye tiltak må finansierast ved omdisponeringar internt.

# **Årsmelding : Pleie og omsorg**

## **Einingsleiar : Karin Fleten**

Avd. pleie og omsorg omfattar fylgjande deltenester:

**Ulvik sjukeheim** : langtidsplass, korttidsplass/akutt plass og avlastningstilbod, dagsenteret Arbeidsstova

**Heimetenester:** heimesjukepleie, heimehjelp, dagavdeling for demente, tryggleiksalarm, utkøyring av middag

**Institusjonskjøkken:** lagar tradisjonsrik og god heimelaga mat i institusjon + utkøyring av middag til heimebuande.

**Ergoterapiteneste:** inkl. kommunalt hjelpemiddellager

### **Sakshandsaming:**

-Tverrfagleg gruppe: tildeling av deltenester for heimebuande

-Inntaksnemnda : tildeling av ulike former for institusjonsplass (korttid/langtid) og dagavdeling for demente og omsorgsbustad/trygdebustad.

### **1. OMTALE AV OVERORDNA MÅL**

Pleie og omsorg skal i samarbeid med tenestemottakar levera omsorgstenester av rett standard og kvalitet og ha ein kultur som byggjer på tillit, tryggleik og respekt.

I fylgje helse og omsorgslova skal alle som bur og/eller mellombels oppheld seg i ein kommune ha rett på nødvendig helsehjelp. Same retten til helsehjelp gjeld anten du er fastbuande eller er på ferie/gjennomreise i kommunen. Dei som ynskjer det kan flytta mellom kommunar uavhengig av hjelpebehov.

### **4 punkt ligg til grunn for å nå målsetjinga:**

- Brukarmedverknad med avklaring av forventningar
- Kompetanse/rekruttering
- Ansvarlege og kompetente medarbeidarar som er løysingsorienterte
- Jobbnærverstiltak/trivselstiltak

### **2. RESULTAT I HØVE TIL VEDTEKNE MÅL**

#### **A-Vidareføra arbeidet med samhandlingsreforma med mål om gode pasientforløp:**

Pleie og omsorg har god kompetanse og har teke i mot alle utskrivingsklare pasientar utan å måtta betala dagbøter til helseføretaket.

#### **B-Skriftlege rutinar knytt til «bruk av tvang og makt»/kvalitetssikringsarbeid generelt:**

Målet er ikkje nådd

#### **C-Oplæring og igangsetjing av nytt EPJ-system (elektronisk pasientjournal) for tilsette med dokumentasjonsplikt og igangsetjing av E-meldingar (elektronisk meldingsutveksling) med helseføretak og fastlegar:**

Målet er nådd. Behov for vidare opplæring i systemet og bruken av journalsystem og vedlikehald av kunnskapar knytt sjølve programvare.

Nytt elektronisk pasientjournalsystem vart teke i bruk 01.04.2015 og me kom i mål med både opplæring og igangsetjing av systemet. Eit svært stort prosjekt som har teke all tid og ressursar

gjennom heile året. Oppstart med elektronisk meldingsutveksling med helseføretak og fastlegar er også kome på plass i inneverande år.

#### **D-Gjennomføra medarbeidarsamtalar :**

Målet er nådd

#### **E-Langtidsfrisk avdeling med 5% sjukefråvær:**

Målet er nådd

### **3. RESULTAT I BUDSJETT/REKNESKAP**

Ploms har eit forbruk i 2014 på 103%

Budsjett : kr 22.559.548,-

Rekneskap : kr 23.245.428,-

Meirforbruk kr 685.880,-

#### **Årsaker :**

-budsjetteknisk endring knytt til føring av løn: variabel løn (tilleggs løn) frå desember 2014 er ført på inneverande år jf. tidlegare år då det er ført i januar året etter:

Utgjer rundt 50% av meirforbruket i inneverande år

- auka overtidsbruk og vikarbruk generelt (jf. opplæring i nytt fagprogram, obligatorisk deltaking i prosjekt: «Vestlandsløftet»(E-meldingar). Ei stor personalgruppe skal lærast opp og mykje logistikk/planlegging av personalgruppe som arbeider turnus.

-overtid også knytt til sjukare pasientgrupper med behov for sjukepleiekompetanse døgnet rundt, jf. heimevaktordning.

Utgifter til pleie og omsorg er i all hovudsak løn og utgjer 89% av budsjettet. 11% til drift av døgnbemanna avdeling heile året talar for seg sjølv. Ressurstilgangen med svært mange nye oppgåver jf. Samhandlingsreforma, både administrativt og behandlingmessig, er ikkje i samsvar med utviklinga jf. nasjonale mål og prioriteringar.

#### **KOSTRA-tal 2013:**

|                                                                | <b>Ulvik</b> | <b>Granvin</b> | <b>Eidfjord</b> | <b>Jondal</b> | <b>Ullensvang</b> | <b>Kostra-gr.06</b> |
|----------------------------------------------------------------|--------------|----------------|-----------------|---------------|-------------------|---------------------|
| Netto driftsutg. pr innbyggjar<br>i kr: ploms-teneste          | 26.713,-     | 23.970,-       | 31.078,-        | 23.693,-      | 25.161,-          | 27.884,-            |
| andel innbyggjarar over<br>80 år som er bevar<br>i institusjon | 18,80%       | 11,10%         | 20,70%          | 26,20%        | 21,10%            | 17,5%               |
| korr.driftsutgifter pr<br>mottakar : heimetenester             | 133.511,-    | 236.195,-      | 54.600,-        | 272.655,-     | 147.812,-         | 222.916,-           |
| korr.driftsutgifter pr<br>mottakar: institusjon                | 1.069.190,-  | -----          | 1.087.321,-     | 1.042.174,-   | 1.302.500,-       | 1.082.607,-         |

Det er viktig å merka seg at i Ulvik inkluderer driftsutgifter pr mottakar i institusjon også driftsutgifter til dagavdeling for demente. Dei reelle kostnader knytt til drift av institusjonsomsorg pr mottakar er difor lågare enn det som kjem fram i talmateriale her. Samanliknbare kommunar opplista her har ikkje dagavdeling for demente inn i budsjett for institusjonsomsorg. Kva kommunar i kostragruppe 06 gjer er uvisst.

Dette gir ein peikepinn på at Ulvik framleis ikkje ligg høgt i ressursbruk samanlikna med dei andre kommunane.

#### **4. PERSONALE**

Personalgruppa er internasjonal og tel 10 nasjonalitetar.

Stabil personalgruppe og høg kompetanse innafor alle avdelingar.

1 sjukepleiar held på med vidareutdanning i «Aldring og eldreomsorg». 1 kjøkkenassistent held på med utdanning som institusjonskokk. Behov for fagpersonnell gjennom vikarbyrå kun om sommaren.

#### **5. SJUKEFRÅVÆR**

Totalt sjukefråvær i ploms for 2014 er 4,15% . Målsetjinga er nok ein gong nådd!

Me ser framleis ein auke i bruken av eigenmeldingar som har vore ei av målsetjingane.

Me har langt på veg lukkast i å få ei stor personalgruppe til å verta tryggare på kvarandre med påfylgjande godt arbeidsmiljø og lågt fråvær som resultat. For å få til varige endringar må det arbeidast med kontinuerleg. Respekten for kvarandre som yrkesutøvar og menneske og forståing for kvarandre som person og arbeidsfelt er avgjerande for god måloppnåing. Dette arbeidet er også i tråd med leiarfilosofien i heradet.

#### **6. KOMPETANSEHEVINGSTILTAK**

Tilsette har vore involverte i utarbeiding av tema for internundervisning. Godt samarbeid med helseføretaket har gitt oss 3 internundervisningar lokalt i Ulvik med repr frå

Rehabiliteringsteamet ved Voss sjukehus. Godt samarbeid med Voss sjukehus har ført til at tilsette kan delta på sjukehuset sine internundervisningar på kveld. Fleire tilsette har også delteke på fag-kurs i Voss lokalsjukehusområde og i Bergen. Det er likevel avgrensa kor mange som kan reisa til ei kvar tid –av omsyn til dagleg drift og kursbudsjett.

Ein har fleire tilsette som er ressurspersonar innafor ulike fagområde. Dei vert prioritert med kurs/oppdateringar og nettverkssamlingar med krav om undervisning for personalgruppa i etterkant. Søknad om tilskot via Fylkesmannen sitt Kompetanseløftet 2015 har gitt oss midlar til kompetansehevingstiltak i eit elles stramt kursbudsjett.

Det er viktig å oppretthalda god kompetanse i personalgruppa både av omsyn til den enkelte sjølv, men også for arbeidsgjevar. Skal me vera attraktive på arbeidsmarknaden også i framtida må me visa i praksis at me satsar på fagutvikling gjennom kompetansehevide tiltak/utdanning.

#### **7. HELSE, MILJØ OG KVALITETSSIKRING**

-Kvalitetssikringsarbeid generelt: pågåande arbeid, men kjem til kort pga ressursmangel

-Vernerunde er gjennomført.

-HMT-plan: vidareføring av gjeldande plan

#### **8. SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP**

-Teoretisk og praktisk brannøving gjennomført med praktisk sløkkjeøving haust 2014 i samarbeid med brannvernet

#### **9. KONSEKVENSA FOR HANDLINGSPROGRAMMET**

**Helse og omsorgsplan vedteken juni 2013** omhandlar utfordringar framover og oppsette tiltak. Politisk styringsgruppe er nedsett for å vurdere rehabilitering/nybygg av kommunal institusjon, ev. nytt helse og omsorgssenter. Midlar sett av i noverande økonomiplan er ikkje realistiske med omsyn til kostnadsbilete, uavhengig av val av alternativ.

Tidsaspektet knytt til prosjektet er også uvisst.

**Rekruttering:**

Ei av dei viktigaste utfordringane framover. Korleis gjera oss attraktive på arbeidsmarknaden vert den store utfordringa i framtida. Dette kan gi økonomiske konsekvensar for å rekruttera og behalda kompetanse.

**Samhandlingsreform:**

Me må tilpassa tenestetilbodet til meir komplekst sjukdomsbilete blant større del av innbyggjarane med meir aktiv behandling ved sjukeheimen og i heimen.

Her har ikkje vore drøftingar om behovet for budsjettauke som fylgje av inngåtte avtalar med helseføretaket, men heller nedskjeringar. Desse avtalane tilseier at endå fleire skal behandlast i kommunen. Fleire pasientar er direkte lagt inn i kommunal institusjon for observasjon/behandling i staden for i spesialisthelsetenesta. Dette vil måtte få økonomiske konsekvensar på sikt. Auka bruk av korttidsplassar med maks døgnstatts regulert i Forskrift, å alltid ha ledig sengekapasitet for mottak av utskrivingsklare pasientar, sjukare pasientgrupper gir auka behandlingsutgifter i form av t.d. medisin, utrykning for heimevakter, m.m gir reduserte inntekter og auka utgifter.

Samtidig gir dette også større faglege utfordringar som av personalet vert opplevd som intereressant og givande og personalet får brukt større del av kompetansen sin.

Slik sett kan ein også seia at samhandlingsreforma kan vera med på å gjera oss meir attraktive på arbeidsmarknaden i framtida med omsyn til rekruttering. MEN: det har også ei kostnadsside som er viktig å ta med i dei val og prioriteringar me står ovanfor framover.

**Elektronisk pasientjournalssystem:**

Stort behov for vidare opplæring i systemet og bruken av journalssystem med vedlikehald av kunnskapar knytt sjølv programvare for systemansvarlege. Behov for avsett ressurs for å halda oss ajour knytt jf. nasjonale krav.

# ÅRSMELDING FOR 2014

## RESULTATOMRÅDE: NAV Ulvik – ansvarsområde 270

Leiar : Marianne B. Lindahn

### 1. Omtale av overordna mål

NAV Ulvik, sosialtenesta, jobbar etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen av 18. desember 2009 som trådte i kraft 1. januar 2010. Lova inneheld rettar og pliktar sosialtenesta har i forhold til sosiale tenester, økonomisk sosialhjelp, rusmiddelomsorg og institusjonar, samt handsamingsreglar.

Lovas formål § 1-1

*«Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.»*

NAV Ulvik har i tillegg til sosialtenesta ansvar for alle områder innanfor tidlegare trygd og A-etat, men årsmeldinga vil berre gjere greie for den kommunale delen.

### 2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Totalt i 2014 har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 27 aktive brukarar. Dei har hovudsakeleg hatt behov for kortvarig hjelp. Av desse var 9 nye brukarar. Dette er 1 person mindre enn det som NAV Ulvik, sosialtenesta, hadde i 2013. Brukarane hadde behov for blant anna økonomisk stønad, økonomisk råd og rettleiing, gjeldsrådgjevnad, utanomrettsleg gjeldsordning, frivillig offentlig forvaltning av økonomi, ansvarsgrupper og bustad.

Av brukarane har 2/3 fått supplerande stønad, og har enten hatt ei trygdeyting eller låg arbeidsinntekt i botn. Alderssamansettinga er ca. 22 % under 25 år, ca. 56 % mellom 25-44 år, og ca. 22 % over 45 år. Andelen under 25 år har minka med ca. 14 % frå 2013.

NAV Ulvik har i 2014 jobba med å gje økonomisk tryggleik for vanskeligstilte, spesielt barnefamiljar. Det er eit mål at ingen skal leva av sosial stønad over tid. I 2014 hadde ca. 74 % av brukarane behov for bistand i inntil 6 månader. Samanlikna med 2013 kor talet var 82 %, var det fleire i 2014 som trengte økonomisk bistand over 6 månader. 26 % er eit høgt tal, og dette er noko kontoret må jobba med framover.

### 3. Resultat i budsjett/rekneskap

Forhold som økonomisk krise i Europa, stor arbeidsløyse utanom turistsesong og mange tilflyttarar til heradet, er med på å påverka budsjettet til NAV, då NAV er plikta å hjelpa dei som står utan økonomiske midlar eller ikkje har nok økonomiske midlar til å forsørgja seg sjølv og familien. Dette er vanskeleg å vita omfanget av på forhand.

Ansvar 270

| Rekneskap | Budsjett  | Avvik    |
|-----------|-----------|----------|
| 1 499 588 | 1 260 187 | -239 401 |

Det vil variera frå år til år kva brukarane søkjar om og vil ha krav på av økonomisk stønad. Det vart utbetalt meir i økonomisk stønad enn berekna i 2014, så det vart eit negativt avvik på kr 239401,-. Det har vore stor pågang og mange søknadar om sosial stønad i 2014.

Ulvik ligg i Kostragruppe 06 hjå SSB og kan samanliknast med kommunar i denne gruppa. Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år for 2014 låg på kr 2861,- for Ulvik (kr 2287 i 2013). Kostragruppe 06 ligg på kr 2844,- i 2014 (kr 2088 i 2013). Ulvik ligg altså om lag kr 17,- under gjennomsnittet i Kostragruppe 06, men har hatt ein auke på kr. 574,- frå 2013 til 2014. Ein kan og samanlikna andel sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år av innbyggjarar i aldersgruppa 20-66 år i prosent. Her ligg Ulvik på 4,0 %, medan Kostragruppe 06 ligg på 5,1 %. Ein kan forstå tala slik at Ulvik har færre sosialhjelps mottakarar enn gjennomsnittet i kommunane i Kostragruppe 06, og har litt lågare utgifter pr. innbyggjar. Generelt har utgifta til sosialtenesta auka ein del i dei fleste av kommunane i gruppa frå 2013 til 2014.

Ulvik herad har motteke to flyktningfamiliar i 2014, og det er oppretta fond med midlar frå introduksjonstilskotet frå staten.

#### **4. Personale**

Kontoret har 2,8 årsverk, fordelt på ein kommunalt og to statlege tilsette. 0,8 statleg årsverk har stått vakant frå januar 2011. NAV leiar er kommunalt tilsett, kor 20 % av stillinga er som statleg leiar. Det er eit lite kontor, og tenesta vert sårbar og personavhengig. I 2014 har NAV Ulvik hatt vikar fram til juli, og fast tilsett kom attende i midten av juli. Det har vore stabilt personalmessig i 2014.

#### **5. Sjukefråvær**

Det er registrert 0,88 % sjukefråvere for NAV Ulvik, sosialtenesta, for 2014. Dette er eit lågt nivå, men gjeld berre den kommunale delen av NAV Ulvik.

#### **6. Kompetanseutvikling**

Det har vore lite kompetanseutvikling i henhold til den sosiale delen av NAV Ulvik i 2014.

#### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

NAV Ulvik har oppdatert HMS plan for 2014. Det har ikkje vore naudsynt med nokre tilretteleggingar eller kontakt med kontakt med bedriftshelsetenesta.

#### **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

NAV har utarbeida felles sikkerheitsinstruksar og beredskapsplanar som dei ønskjer skal gjelda alle tilsette i NAV, både kommunale og statlege tilsette. NAV Ulvik har tilpassa desse instruksjonane og planane til lokale forhold i Ulvik, og begge planane er oppdatert i 2014.

#### **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Få tilsette ved NAV Ulvik gjer kontoret sårbart i høve til sjukefråvere, permisjonar, sakshandsaming og spisskompetanse på forskjellige fagområder. Det er stor pågang av sakar og førespurnadar til NAV Ulvik, og dette er med å påverka sakshandsamingstida for oppfylginga av sjukemeldte og arbeidslause, som vi skal ha hovudfokus på.

#### **10. Anna aktivitet/tiltak:**

NAV Ulvik har i 2014 fortsatt sitt tverrfaglege og tverretatlege samarbeid med andre einingar i Ulvik herad og andre NAV kontor i regionen.

# Årsmelding : Teknisk eining Ansvarsområde 280

Leiar : Jarle Grevstad

## 1. Omtale av overordna mål

Brukarane av eininga sine tenester:

- skal vera nøgde med standard og kvalitet på tenestene
- skal føla seg handsama på ein riktig og god måte.
- skal ha svar / tilbakemelding av kvalifisert personell og til rett tid.

## 2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål:

Eininga leverer gode tenester innan rimeleg tid, og har framleis ein sakshandsamingstid som ligg godt innanfor det lovpålagde. Eininga jobbar med mange langvarige prosjekt med ulike fristar, men ein held seg i all hovudsak innanfor desse fristane.

Den administrative delen av eininga er ein «open» del av den kommunale forvaltinga, og dette medfører ein tett dialog med mottakarane av tenestene. Dette legg i dei fleste tilfelle til rette for gode gjennomføringsprosesser.

## 3. Resultat i budsjett/rekneskap

Med unntak av ansvar 282, vatn/avløp (sjølvkostrekneskap som er presentert som eigne resultatområde) er samla resultat for 280, 281 og 283:

**Netto budsjett: 14 870 411,00**

**Netto rekneskap: 17 057 680,12**

**Totalavvik: 2 187,269,12**

Avviket kan i hovudsak leggjast på ansvar 283 – bygningsavdeling, då det i 2014 har vore store overskridingar. Desse finn ein i lønskostnadane, og skyldast i hovudsak tre faktorar; overforbruk i forhold til budsjett, feil bruk av lønsgrunnlag i budsjettprosess og utbetaling av løn frå feil ansvar. Dette er no retta opp i.

Ein anna faktor som fekk negativt utslag i 2014, var kostnadane med å renovere leilegheitene i sentrumsbygget. Her hadde eininga forhåpningar om å kunne nytte ein større del av midlane som var avsett til kommunale bygg i investeringsbudsjettet. Eininga har kvart år 500' i budsjett til vedlikehald av alle bygg, medan ein har 1,5 mill. i investeringsbudsjett. Utfordringa ligg i vedlikehald kontra investering.

På den andre sida har eininga også i 2014 gjennomført store delar av adresseringsprosjektet med interne krefter og utan ekstra løyvingar. Dette er eit prosjekt starta i 2013 og fortsette gjennom heile i 2014.

## 4. Personale

Eininga tilsette ein ny medarbeidar innan plan- og byggjesak i september 2014. Denne tilsettinga har bidrege til at eininga er godt rusta på alle fagområde, og kan levere gode, tverrfaglege tenester på kort tid.

Det har vore oppseieing frå ein reinhaldar, og tilsetjing av ny reinhaldar, så denne tenesta går med full bemanning gjennom heile året.

#### **5. Sjukefråvær.**

Det har vore ein minimal nedgang i sjukefråværet i 2014, men når føremålet er å halda sjukefråværet stabilt eller med reduksjon, er all nedgang positivt. Ein langtidsjukemelding frå mars og gjennom heile året på drift. Elles er fråværstala gode. Eininga har eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø og gode arbeidsplassar, men gamle bygg legg som oftast opp til gamle reinhalds- og vedlikehaldsmetodar.

#### **6. Kompetanseutvikling**

Det har gjennom året vore ein del kurs og fagsamlingar, spesielt innan VA-sektoren.

Dette har samanheng med nye krav og forskrifter innan sektoren.

I tillegg har to frå driftseininga starta fagutdanning innan byggdriftarfaget. Desse vil få fagbrev i faget til hausten.

#### **7. Helse, miljø, tryggleik og kvalitetssikring**

Eininga har stort fokus på arbeidsmiljøet, og har heller ikkje i år hatt skader eller uhell som på nokon måte har medført fråværskaader. Driftseininga og reinhaldeininga er dei mest utsette delane av eininga, og det vert lagt stor vekt på planlegging og sikker-jobbanalyser ved prosjekter ut over den daglege drifta.

Me prøver å halda tradisjonen med eit par sosiale samlingar for eininga i året.

#### **8. Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik og beredskap er eit av fokusområda nasjonale myndigheiter no prioriterer høgast.

Hendinga med forureina drikkevatn i delar av anlegget vårt, viste at varsling og informasjon til innbygarane var av stor betydning, både for å understreka at dette vart tatt alvorleg, og at ein hadde rutinar på alternativt drikkevatn. I slike situasjonar får ein samstundes stadfesta nytten det er å vera med i nettverk som DIHVA og Norsk Vann, som også denne gangen var til stor hjelp.

Elles i organisasjonen vert alle spekter innan samfunnstryggleik og beredskap lagt til grunn for planlegging framover.

#### **9. Konsekvensar for handlingsprogrammet**

Det vert igjen understreka at standard og kvalitet på tenestetilbodet er alltid avhengig av dei økonomiske rāmene ein har til rådighet. Forvalting av desse rāmene opp mot forventa krav frå befolkninga er alltid ein utfordring, men ein har eit kontinuerleg fokus på kostnadseffektivitet for på den måten å yte gode tenester ut i frå dei midlane ein til ein kvar tid har til rådvelde.

#### **10. Kosta 2014**

Det er i hovudsak VAR-tenestene og sakshandsamingstid for plansakar som er leggjast inn i KOSTRA for teknisk eining.

Det vart i 2012 gjort ein justering i VA- fond og gebyr, med verknad frå 2013. Ulvik herad hadde då ein vesentleg større forskjell mellom vassgebyret og avløpsgebyret enn dei fleste andre kommunar. Denne justeringa har no fått verknad, og forskjellane er no minimale. Det er framleis negativt, men det går rett veg.

Renovasjonsordninga er styrt av IHM, og gebyra som der vert sett speglar kompleksiteten i renovasjonsordninga i dei ulike herada.

Ulvik herad har ikkje vedtatt nye reguleringsplanar i rapporteringsåret.

Ulvik herad har 30 dagars sakshandsamingstid for oppmålingsforretning. Dette er fullt ut akseptabelt for ein eining utan interne oppmålingsressursar. Heradet leiger desse tenestene av Granvin herad, og grunna godt samarbeid, får vi gjort *heile* oppmålingsforretninga på 4-5 veker.

Ulvik herad ligg godt under landet og regionen på driftsutgifter pr. km kommunal veg. For rapporteringsåret ligg heradet likevel litt over det som er snittet for vår kostragruppe, men dette skyldas i hovudsak asfaltarbeida som vart gjennomført på Osafjellsvegen og i sentrum

## **Resultatområde: Byggesak, kart og oppmåling.**

**Torstein Ljone**  
**John Grimeland**

### **1. Omtale av overordna mål**

Sakshandsaming etter plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova med underliggjande forskrifter og regelverk.

Oppdatering av Matrikkelen og av dei ulike kartbasane.

Oppmålingstenesta er leigd av Granvin herad.

### **2. Oppnådde resultat i høve til vedtekne mål.**

Det er handsama 55 bygge- og delesaker, inkl. dispensasjonar. Dei fordeler seg slik:

| Type sak | Tal      |
|----------|----------|
| § 20-1   | 23       |
| § 20-2   | 21       |
| § 19-1   | 4        |
| § 1-8    | 1        |
| Andre    | 6        |
| Total    | 55 saker |

Det er avslutta to Geovekstprosjekt ved at det er levert nytt flybilette (ortofoto). og me har fått nytt kotekart med 1 m høgder i stort sett heile heradet opp til kote 500. I tillegg ei stripe på ca 300 m langs jernbanen.

Prosjektet om ny kartlegging av FKB (grunnkart) er utsett til 2015.

Det er innført vegadresser i storparten av heradet der adressene ligg til veg.  
Hakastad manglar sidan stadnamnet er påklaga og er under klagehandsaming.  
Uppsetdalen får vegadresser i 2015. Det gjenstår då støls- og fjellområda.

**3. Resultat i budsjett/rekneskap.**

**4. Personale.**

Torstein Ljone har hatt 50% stilling i Ulvik herad  
15% av dette har vore utleigd til Granvin herad  
John Grimeland byrja i 100% stilling frå 1. sep. 2014

**5. Sjukefråvær.**

Ikkje registrert.

**6. Konsekvensar for handlingsprogrammet.**

Gjennomsnitt sakshandsamingstid bygge/delesak: (lovpålagt i parantes)  
Søknad § 20-1: 4 veker (12 veker)  
Søknad § 20-2: 2 veker (3 veker)  
Dispensasjonar: 7 veker (ikkje lovpålagt/12 veker)

**Plan og miljø**

**Lars Præstiin**

*45 % stilling 1. januar – 30. juni*

*50 % stilling 1. juli – 31. desember*

**Hovudsaker:**

Regional plan for vassregion Hordaland og Hardanger vassområde

Regional plan for Nordfjella, ferdigstilt våren 2014.

Handlingsprogram til Regional plan for Nordfjella

Handlingsprogram til Regional plan for Hardangervidda

Kulturminneplan for Ulvik

Veglag Storurdi – Finse

Arealplan: IL-flaten, Ulvik strandpark, gang- og sykkelveg

Åting på Rallarvegen

Søknad om dispensasjon for lakseoppdrett, 2 lokalitetar

**Møter i administrative/politiske utval:**

Regional plan for vassforvaltning (5 møter); Kultur, Næring og Landbruk (7 møter); Regional plan for Nordfjella (2 møter); oppfølging av Regional plan for Hardangervidda (2 møter); Styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet for villrein (1 møte); Veglag Storurdi-Finse (2 møter);

Finse Forum (2 møter); Miljømøte ved Voss lensmannskontor (1 møte); Ulvik landskapspark (1 møte) og Rallarvegrådet (1 møte).

### **Kompetanseheving:**

Kurs: Kulturminneregistrering (2 samlinger)  
Forvaltningsloven og offentleglova

Konferansar: Plankonferanse, HFK  
Naturmangfald, FMHO

Seminar: Planseminar, FMHO  
Hardangerfjordseminaret 2014

Nettverkssamlingar: Regionalt Plannettverk

Reisedagar: 27

Overnattingar: 4

**Resultatområde:** Landbruk (jord, skog, utmark, vilt og veterinær)

### **Rolf Tore Dønne**

#### **1. Omtale av overordna mål**

Gjennomføra gjeldande landbrukspolitik, samt ta seg av kommunale oppgåver innan landbrukssektoren og arbeida for utvikling av sektoren i høve til overordna planar.

- Stetta kommunale oppgåver innan jord, skog, utmark og viltforvaltning.
- Arbeida for utvikling av primærnæringane med utgangspunkt i landbruksplanen, vedteken av Ulvik heradstyre 13.04.2005, og Strategisk næringsplan.

#### **2. Resultat**

Eininga har løyst dei oppgåvene for fagområdet heradet skal/er pålagt å utføra.

#### **3. Budsjett/rekneskap**

Området vert i hovudsak dekkja av næringsfondet, og er gjort opp i balanse.

#### **4. Personale**

Skogbrukssjef i 50 % stilling. Jordbrukssjef i 80 % stilling. Det er 1 kommuneveterinær i Ulvik.

#### **5. Sjukefråvær:**

Ikkje registrert

## **6. Kompetanseutvikling:**

Gjennomførte kompetansehevingstiltak:

- a. Fylkesmannens landbruksavdeling sine årleg kurs om produksjonstilskot
- b. Studietur til Finland, studie av arbeidsmetoden Cultural planning (kultur for samfunnsutvikling)

Møter og kurs gjennom året: årleg miljømøte Voss lensmannskontor, skogsamling i regi av Fylkesmannen, naturmangfaldseminar, Landbrukskonferanse i Rosendal i regi av Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune (hjordteforvaltning), førelesningar på Hjeltnes vidaregåande skule, kommunesamling i Kvam i regi av Fylkesmannen, innlegg på våronnmøte i regi av Norsk Landbruksrådgeving Hordaland, delteke på samrådsmøte for fruktnæringa, Cittaslowtur til Greve i Italia.

## **7. Anna**

- \* Aktuelle saker i viltneimnda: Oppfølging av HordaHjort prosjektet med kommuneoverskridande bestandsplanområde.
- \* Fellingsprosenten og inntekta til Viltfondet gikk litt ned i 2014, ca. 10 % frå året før.
- \* Fylkesmannen gjennomførte forvaltningskontroll ved landbrukskontoret i Ulvik 2014. Både jord- og skogbruk kom svært godt ut.
- \* Arrangert 3 jegerprøveeksamenar .
- \* Hogstkvantum i Ulvik 2014 utgjorde nesten 12 000 kbm, her av ca. 11 000 kbm kulturgran.
- \* Skogdag 12.11.2014. Årsmøte m. Ulvik skogeigarlag 20.03.2014 og i tillegg 2 styremøte.
- \* Årleg tildeling av Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) i 2014 var på kr 230 000,-. Tilskotet vart delt på 7 tiltak og følgjande typar søknadar: gamal kulturmark (5), freda- og verneverdige bygningar (2).
- \* Tildeling av investeringstilskot til beitelag var i 2014 på kr 100 626,-.
- \* Handsaming av 7 bygdeutviklingssøknadar til Innovasjon Norge, med løyvingar på til saman kr 1 848 700,-.
- \* Det vart gjeve tilskot til drenering i jordbruket for tilsaman kr 48 350,-, til 6 bønder.

\* Utbetalingar av tilskot til regionalt miljøprogam 2014, med antal søkjarar i parantes: kr 931 161,- (50).

\* Utbetalingar av samla produksjonstilskot i 2014, med antal søkjarar i parantes: vinter 2014 – kr 5 201 306,- (51) og sommar 2014 – kr 4 784 804,- (59).

\* I følgje Agrianalyse sin rapport frå 2013, «For rike for Vestlandsjordbruket?», har Ulvik størst andel i Hordaland av sysselsatte i jordbruket. Om lag 11 % av alle sysselsatte jobbar i jordbruket.

\* Skogbrukssjef og jordbrukssjef er med i tverrfagleg bygdeutviklingsgruppe.

## **Resultatområde 281: Brannvesen (feiring / tilsyn og brann / redning).**

**Fagansvarleg:** Egil Holven

### **1. Omtale av overordna mål**

- Ei brannordning (inkl. feiring / tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering.
- Årsmål for dei enkelt områda som feiring / tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt, øvingar, formell opplæring m.v.

### **Oppnådde resultat i høve vedtekne mål:**

- Gjennomført seks obligatoriske fellesøvingar med mannskapa. Ein av desse ilag med Eidfjord brannvern og Granvin brannvern, og dette var ei varmrøykøving (nedbrenning av eit bustadhus).
- Gjennomført ein vernerunde på brannstasjon (i mai) ilag med verneombod J.O.Holven, varabrannsjef og brannsjef.
- To personar byrja på Deltid grunnkurs i regi av NBSK, med instruktørar frå Bergen brannvesen. Skal vera slutført medio april 2015.
- Feiring og tilsyn gjennomført etter oppsett plan av Vestnorske feiertjenester.
- Det er utført 5 tilsyn med særskilde brannobjekt § 13.
- Brannsjef har gjennomført og bestått to kurs ved Norges Brannskole (Tjeldsund). Beredskapsutdanning trinn III i sju veker og Førebyggandekurset i fem veker.
- Brannstudien - «Fremtidens brann- og redningsvesen» var ferdigstilt desember 2013. Forslaget som no ligg føre, er eit regionalt brannvern som administrativt vil dekkja Hordaland fylke. For tida arbeidar Bergensaliansen, ved Richard Taule, med å gjennomføra eit forprosjekt, utført av PwC. Resultat av dette arbeidet vil koma til heradet.
- Det vil koma nytt Nødnett i slutten av året, noko som vil betra kommunikasjonen mellom nødetatane og forsterka beredskapen.
- Ulvik brannvern har kjøpt inn brannpumpe og frigjeringsutstyr i 2014 som er naudsynt for å ha ein akseptabel beredskap. Frigjeringsutstyret er kjøpt brukt frå Voss brannvern, og er plassert i mannskapsbil.

### **Resultat i budsjett.**

Netto budsjett, inkl. budsjettjustering: **1 269 231**

Netto rekneskap: **1 583 441,11**

Totalavvik: **314 210,11**

Avviket skuldast meirforbruk på løn, og mindre inntekter enn budsjett.

